

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Møtebok for Kommunestyret

Den 23.09.2010 kl 12:00 – 15.30 , heldt Kommunestyret møte på Kommunehuset.

Følgjande saksnummer vart handsama i møtet: 062/10 - 077/10

Innkalling til møtet var sendt ut den: 17.09.2010.

### Desse møtte:

<b>Arbeiderpartiet:</b>	<b>Høgre:</b>	<b>Senterpartiet:</b>
Liv Oda Dale	<b>Håkon Matre, ordførar</b>	Vigdis Søvik
Lars Solheim	Marianne Ulvatn, vara	Jon Terje Sætre
Torfinn Aga, vara	Wenke Fredheim Ekren	
Bjørn Egil Nordland	Karstein Totland	
Laila Solhaug Reknes		
<b>FORFALL:</b>	<b>FORFALL:</b>	<b>FORFALL:</b>
Dina Merete K. Dyrhovden	Frode Langhelle	

<b>Kristeleg Folkeparti:</b>	<b>Framstegspartiet:</b>	<b>Venstre:</b>
Marit Steinestø, vara	Willy Borge	Vebjørn Aasgard, vara
Siri Tangedal Kratzmeier	Janne Judith K. Sandnes, vara	Magnhild Rørtveit, vara
<b>FORFALL:</b>	<b>FORFALL:</b>	<b>FORFALL:</b>
Kari Skår Sørheim, varaordførar	Tore Helland	Leila Torsvik Andvik
		Per Einar Langhelle

### Frå administrasjonen møtte:

Rådmann Lovisa Midtbø
Ass. Rådmann Svein Helge Hofslundsengen
Konsulent Gerd Allis Håheim
Rådgjevar Alf Strand

<b>Ugilde</b>	<b>Sak</b>	<b>Følgjande varamedl. møtte</b>
Bjørn Egil Nordland og Torfinn Aga	73/10	Ingen

<b>Møteleiar:</b>	Ordførar Håkon Matre
<b>Utlevert i møtet:</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Møtebok frå formannskapet 23.09.10</li> <li>• Sakspapir til sak 77/10 Bru Indre Haugsdalen</li> <li>• Sakspapir til sak 71/10 Filmprosjekt</li> </ul> Tilleggsskriv til Sak Skriv og meldingar: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kommunal Rapport</li> <li>• Temadag i kommunestyret 05.10.10</li> </ul>
<b>Orientering:</b>	

**Innkallinga vart godkjent.**

Ordførar gjorde framlegg om at Liv Oda Dale vart settemøteleiar.  
Samrøystes vedteke.

Ordførar spurde om det var i orden at tilleggssak 77/10 Haugsdal bru vart tilført saklista.  
Samrøystes vedteke.

Sak 71/10 Søknad om tilskot frå kraftfondet til filmprosjekt vart handsama i ekstramøte i formannskapet i dag.

**Sakslista vart godkjent.**

Ordførar gjorde framlegg om Liv Oda Dale og Marit Steinestø til å skriva under møteboka.  
Dette vart samrøystes vedteke.

## Sakliste

<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
062/10	10/722	Godkjenning av møteprotokoll	5
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
063/10	10/679	Kari Sørheim - Søknad om fritak frå politiske verv	6
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
064/10	10/713	Per Einar Langhelle - søknad om permisjon frå verv i kommunestyret	10
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
065/10	09/709	Syskenmoderasjon i barnehagane	12
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
066/10	08/204	Rapport frå prosjektet Tidleg tiltak - varig verknad	16
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
067/10	07/207	Ungdomskontakt Knarvik Senter	19
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
068/10	09/505	Stimuleringsmidlar til lokalt folkehelsearbeid - partnerskap for folkehelse	25
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
069/10	10/380	Nordbygda idrettsanlegg - ny driftsavtale	31
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
070/10	10/421	Status kommunale vegar 2010, investeringsplan for kommunale vegar 2011 - 2015	36
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
071/10	10/672	Søknad om tilskot frå kraftfondet til filmprosjekt - Fiskarbonden Erik Riisnes	43
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
072/10	10/272	Søknad om tilskot frå kraftfondet - til oppstart av solstudio på Hosteland	50
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
073/10	10/458	Søknad om lån og tilskot frå kraftfondet til utbygging av Haugsværtunet	58
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
074/10	08/814	Kommunale vegar - vurdering av ny status - oppsummering etter høyring	69

<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
075/10	10/721	Skriv og meldingar	80
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
076/10	10/720	Delegerte vedtak	82
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
077/10	06/539	Bru indre Haugsdalen, anbod - iverksetjing og finansiering	83

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	23.09.2010	062/10	Gerd Allis Håheim

Arkiv: N-	Arkivsaknr.: 10/722
-----------	---------------------

### SAK 062/10 - GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen frå kommunestyret den 17.06.10 vert godkjent slik han ligg føre.

#### KS-062/10 VEDTAK:

Møteprotokollen frå kommunestyret den 17.06.2010 vert godkjent slik han ligg føre.

#### Det skjedde i Kommunestyret den 23.09.2010:

Framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	23.09.2010	063/10	Håkon Matre

Arkiv: N-022.1	Arkivsaknr.: 10/679
----------------	---------------------

### SAK 063/10 - KARI SØRHEIM - SØKNAD OM FRITAK FRÅ POLITISKE VERV

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret gjev Kari Skår Sørheim fritak for resten av valperioden for desse politiske verva:

- Medlem av kommunestyret
- Varaordfører/formannskapsmedlem og fast utval for plansaker
- Medlem i administrasjonsutvalet
- Varamedlem til eldrerådet
- Medlem for KrF i styringsgruppa for handlingsplan for Lokalsamfunnsutvikling i Masfjorden

#### Verv der ordførar er representant og varaordførar vararepresentant:

- Sparebanken Vest – vara til forstandarskapen
- BKK DA – vara til generalforsamlinga
- Stiftinga Kystsogevakene, vara til representantskapet
- GMU AS – vara til generalforsamlinga
- Styre for Nordhordland Reiselivslag – vara til styret
- Fylkesmøtet i KS vararepresentant

#### Grunngjeving:

Kari Skår Sørheim flyttar frå Masfjorden kommune den 10. november 2010.

#### eimel

Kommunelova § 15.

#### Utskrift vert sendt:

Kari Skår Sørheim

5981 MASFJORDNES

**KS-063/10 VEDTAK :**

Kommunestyret gjev Kari Skår Sørheim fritak for resten av valperioden for desse politiske verv:

- Medlem av kommunestyret
- Varaordfører/formannskapsmedlem og fast utval for plansaker
- Medlem i administrasjonsutvalet
- Varamedlem til eldrerådet
- Medlem for KrF i styringsgruppa for handlingsplan for Lokalsamfunnsutvikling i Masfjorden

**Verv der ordfører er representant og varaordfører vararepresentant:**

- Sparebanken Vest – vara til forstandarskapen
- BKK DA – vara til generalforsamlinga
- Stiftinga Kystsogevøkene, vara til representantskapet
- GMU AS – vara til generalforsamlinga
- Styre for Nordhordland Reiselivslag – vara til styret
- Fylkesmøtet i KS vararepresentant

**Grunngjeving:**

Kari Skår Sørheim flyttar frå Masfjorden kommune den 10. november 2010.

**Det skjedde i Kommunestyret den 23.09.2010:**

Ordfører orienterte om saka.

Han oppmoda valnemnda om å koma med framlegg på person (ar) til dei ledige postane.

Formelt val vil bli gjort i neste kommunestyremøte.

**Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.**

## SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	02.09.2010	Kari Skår Sørheim	Fritak for politiske verv

## SAKSUTGREIING:

### BAKGRUNN

Kari Skår Sørheim søker i brev av 2. september 2010 om fritak for sine politiske verv i Masfjorden kommune grunna flytting frå Masfjorden kommune.

Sørheim har vore med i kommunepolitikken i Masfjorden i 27 år.

### FAKTA

Etter kommunevalet i 2007 vart Sørheim som medlem i KrF valt inn i desse utvala.

- Medlem av kommunestyret
- Varaordfører/formannskapsmedlem og fast utval for plansaker
- Medlem i administrasjonsutvalet
- Varamedlem til eldrerådet
- Medlem for KrF i styringsgruppa for handlingsplan for Lokalsamfunnsutvikling i Masfjorden

### **Verv der ordfører er representant og varaordfører vararepresentant:**

- Sparebanken Vest – vara til forstandarskapen
- BKK DA – vara til generalforsamlinga
- Stiftinga Kystsogevakene, vara til representantskapet
- GMU AS – vara til generalforsamlinga
- Styre for Nordhordland Reiselivslag – vara til styret
- Fylkesmøtet i KS vararepresentant



## VURDERING

I kommunelova § 15 pkt 2 står det:

*”Kommunestyret kan etter søknad fritta , for et kortere tidsrom eller resten av valgperioden, den som ikkje utan forholdsmessig vanskelighet eller belastning kan skjømte sine plikter i vervet”.*

Det seier seg sjølv at når nokon flyttar frå kommunen er det ikkje lett å skjømte sine plikter som folkevald.

Det vert laga eiga sak til neste kommunestyremøte den 04. november med val av nytt formannskapsmedlem og varaordførar.

- ✚ Medlem i kommunestyret: Her er det vel naturleg at 1. vara Marit Steinestø kjem inn som medlem.
- ✚ Medlem i administrasjonsutvalet: Her sit formannskapet + to frå arbeidstakarorganisasjonane. Nyvalt medlem i formannskapet vil difor gå inn der.
- ✚ Fast utval for plansaker: Same som formannskapet.
- ✚ Varamedlem eldrerådet må veljast.
- ✚ Medlem i styringsgruppa for lokalsamfunnsutvikling – vara er Siri Kratzmeier

Når det gjeld verva i ymse organisasjonar der ordførar er valt som representant med varaordførar som vara, vil det vera naturleg at nyvalt varaordførar kjem inn.

Dette må kommunestyret ta stilling til.

## KONKLUSJON

Sjå framlegg til vedtak.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	23.09.2010	064/10	Gerd Allis Håheim

Arkiv: N-022	Arkivsaknr.: 10/713
--------------	---------------------

### **SAK 064/10 - PER EINAR LANGHELLE - SØKNAD OM PERMISJON FRÅ VERV I KOMMUNESTYRET**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret gjev Per Einar Langhelle permisjon frå kommunestyret ut året 2010.

#### **Finansiering**

#### **Heimel**

Kommunelova § 15.

#### **KS-064/10 VEDTAK:**

Kommunestyret gjev Per Einar Langhelle permisjon frå kommunestyret ut året 2010.

#### **Finansiering**

#### **Heimel**

Kommunelova § 15.

#### **Det skjedde i Kommunestyret den 23.09.2010:**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

## SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	08.09.2010	Per Einar Langhelle	Søknad om permisjon frå verv i kommunestyret

## SAKSUTGREIING:

### BAKGRUNN

Per Einar Langhelle er medlem av kommunestyret for Venstre.

I brev dagsett 08.09 søker han om permisjon frå kommunestyret ut året sidan han er heime i pappapermisjon.

### VURDERING

I kommunelova § 15 pkt 2 står det:

*”Kommunestyret kan etter søknad frita, for et kortere tidsrom eller resten av valgperioden, den som ikkje utan forholdsmessig vanskelighet eller belastning kan skjømme sine plikter i vervet”.*

Rådmannen vurderer det som kurant at Langhelle får permisjon frå vervet som medlem av kommunestyret ut året.

Magnhild Rørtveit er 1. vara til Venstre og ho vil då bli kalla inn til kommunestyremøta resten av året. Dette vil gjelda for tre møte.

### KONKLUSJON

Sjå framlegg til vedtak.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	14.09.2010	066/10	Alf Strand
Kommunestyret	23.09.2010	065/10	Alf Strand

Arkiv: N-113, N-211	Arkivsaknr.: 09/709
---------------------	---------------------

### SAK 065/10 - SYSKENMODERASJON I BARNEHAGANE

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Frå 1. januar 2011 vert det innført slik syskenmoderasjon i barnehagane i Masfjorden:  
30 % reduksjon for 2. barn og  
50 % reduksjon for 3. eller fleire born  
Samstundes vert barnehagesatsane for 1. barn auka frå kr 1815 til kr 1900 pr. mnd.

#### **Finansiering**

Mindreinntekt på foreldrebetaling må dekkast innan den einskilde barnehage sitt budsjett

#### **Heimel**

Vedtekter for barnehagane, §3

### FS-066/10 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Frå 1. januar 2011 vert det innført slik syskenmoderasjon i barnehagane i Masfjorden:  
30 % reduksjon for 2. barn og  
50 % reduksjon for 3. eller fleire born.

Samstundes vert barnehagesatsane for 1. barn auka frå kr 1815 til kr 1900 pr. mnd.

#### **Finansiering**

Mindreinntekt på foreldrebetaling må dekkast innan den einskilde barnehage sitt budsjett

#### **Heimel**

Vedtekter for barnehagane, §3

**Det skjedde i Formannskapet den 14.09.2010:**

Rådgevar Alf Strand orienterte om at kommunane er pålagt frå departementet å gje søskenmoderasjon.

Masfjorden kommune har ikkje gjeve søskenmodersjon dei siste åra med grunngjeving i at barneagesatsane har vore så låge i høve til den nasjonale maksimalprisen.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**KS-065/10 VEDTAK:**

**Frå 1. januar 2011 vert det innført slik syskenmoderasjon i barnehagane i Masfjorden:  
30 % reduksjon for 2. barn og  
50 % reduksjon for 3. eller fleire born.**

**Samstundes vert barnehagesatsane for 1. barn auka frå kr 1815 til kr 1900 pr. mnd.**

**Finansiering**

Mindreinntekt på foreldrebetaling må dekkast innan den einskilde barnehage sitt budsjett

**Heimel**

Vedtekter for barnehagane, §3

**Det skjedde i Kommunestyret den 23.09.2010:**

**Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.**

**SAKSTILFANG:**

<b>Nr</b>	<b>T</b>	<b>Brevdato</b>	<b>Avsendar/Mottakar</b>	<b>Tittel</b>
2	U	22.12.2009	Barnehagane	Barnehagesatsar 2010 - melding om vedtak
3	U	06.01.2010	Fleire mottakarar	Barnehagesatsar frå 1. april 2010 - melding om vedtak
4	I	31.05.2010	Foreldrerådet i Indre Masfjorden barnehag v/Grete Urdal	Syskenmoderasjon i barnehagen
6	I	01.08.2010	Foreldrerådet i Indre	Etterspør brev frå Masfjorden

		Masfjorden barnehage	kommune ang, syskenmoderasjon i barnehagen
5	U	12.08.2010	Foreldrerådet i Indre Masfjorden barnehag v/Grete Urdal
			Syskenmoderasjon i barnehagen

## SAKSUTGREIING:

### BAKGRUNN/ FAKTA

Forskrift om foreldrebetaling i barnehagar slær fast i §3 at: ”Kommunen skal sørge for at foreldre/foresatte tilbys minimum 30% søskenmoderasjon i foreldrebetalingen for 2. barn og minimum 50% for 3. eller flere barn.”

Kommunestyret i Masfjorden gjorde i møte den 15.12.2005 slikt samrøystes vedtak: ”Barnehagesatsane i Masfjorden kommune vert endra slik med verknad frå 1. april 2006:

5-dagarstilbod: kr 1600.

Søskenmoderasjon fell etter dette bort.

Rådmannen får fullmakt til å vurdera satsane i særskilte høve.”

Dei siste åra har det såleis ikkje vore gitt syskenmoderasjon på foreldrebetalinga i barnehagane i Masfjorden. Grunngevinga har vore at barnehagesatsane har vore så låge i høve til den nasjonale maksimalprisen. Foreldrerådet i Indre Masfjorden barnehage har no teke spørsmålet om syskenmoderasjon opp med kommunen. Til grunn for dette ligg eit svar på eit spørsmål om syskenmoderasjon frå fylkesmannen i Hordaland. Fylkesmannen seier at foreldra har krav på 30% eller 50% reduksjon i prisen for sysken, sjølv om foreldrebetalinga er lågare enn fastsett maksimalgrense.

Betaling 2 born	I dag	Med syskenmod.
Barn nr. 1	1815	1815
Barn nr. 2	1815	1270
Samla	3630	3085
<b>Innsparing</b>		<b>545</b>

Betaling 3 born	I dag	Med syskenmod.
Barn nr. 1	1815	1815
Barn nr. 2	1815	1270
Barn nr. 3	1815	908
Samla	5445	3993
<b>Innsparing</b>		<b>1452</b>

Rådmannen sitt framlegg vil gje følgjande utslag:

	2 born	3 born
Barn nr. 1	1900	1900
Barn nr. 2	1330	1330
Barn nr. 3		950
Samla	3230	4180
<b>Innsparing</b>	<b>400</b>	<b>1265</b>

## VURDERING

Fylkesmannen seier at det skal gjevast syskenmoderasjon sjølv om barnehagesatsane er lågare enn maksimalprisen. Det må me retta oss etter. Foreldrebetalinga utgjer ein vesentleg del av barnehagane sine inntekter. I barnehagane våre totalt er det 11 foreldrepar som har 2 born i barnehagen, medan eit par har 3 born. Frå nyttår vert det øyremerka statstilskotet til barnehagedrift borte. Korleis det vil slå ut for oss, veit me enno ikkje. Men for at det økonomiske tapet for barnehagane ikkje skal bli så stort, må barnehagesatsane aukast. Foreldre med 2 og fleire born i barnehagen vil tena på ei slik omlegging, medan det vert dyrare for dei som har berre eitt barn i barnehagen. Dersom ein aukar barnehagesatsane til kr 1900 for 1 barn pr. mnd frå nyttår, vil det kommunen taper på å gjeninnføra syskenmoderasjon om lag gå opp i opp med auken for dei som har bere 1 barn i barnehage.

## KONKLUSJON

Frå 1. januar 2011 vert det innført syskenmoderasjon på foreldrebetalinga i barnehagane i Masfjorden. Samstundes vert prisen på heildagsplass auka til kr 1900 pr.mnd.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	23.09.2010	066/10	Alf Strand

Arkiv: N-210, N-402	Arkivsaknr.: 08/204
---------------------	---------------------

### SAK 066/10 - RAPPORT FRÅ PROSJEKTET TIDLEG TILTAK - VARIG VERKNAD

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rapporten frå prosjektet "Tidleg tiltak – varig verknad" vert teken til orientering slik han ligg føre.

#### KS-066/10 VEDTAK:

Rapporten frå prosjektet "Tidleg tiltak – varig verknad" vert teken til orientering slik han ligg føre.

#### Det skjedde i Kommunestyret den 23.09.2010:

##### Marianne Ulvatn, sette fram slik uttale frå Høgre:

Masfjorden Høgre er svært glad for at oppvekstsektoren har gjort ei så grundig kartlegging av læring og meistring hjå borna i overgangsperioden mellom barnehage og skulestart. Eit godt grunnlag ved skulestart vil gje den enkelte elev ei betre evne til å lukkast i læreprosessen. Språkleg styrke både munnleg og skriftleg er eit viktig grunnlag i så møte, og må tilpassast dei individuelle behov som det vil vera trong for.

Tiltak og tilrettelegging for gjennomføring av både kartlegging og oppfølging må prioriterast vidare.

Høgre vil be kommunestyret støtte opp rundt oppfølging av dette prosjektet. Oppvekstområda bør saman med foreldra årleg gjennomføre ei analyse i barnehagealder for kva behov det er for individuell støtte i språkleg samanheng.

Masfjorden kommune må også sørge for at nødvendig kompetanse vert stilt til rådighet for oppfølging i etterkant av dette prosjektet.

Liv Oda Dale, sa at det er viktig å vidareføre arbeidet og få til ein god overgang mellom barnehage og skule til beste for ungane. Arbeidarpartiet støtter forslaget frå Høgre.

**Framlegg til vedtak med uttalen frå Høgre vart samrøystes vedteke.**



## SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
2	I	13.02.2008	Fylkesmannen i Hordaland	Tiltaksmidlar til lokalt helsefremjande og førebyggjande arbeid på områda fysisk aktivitet - kosthald og
3	U	10.03.2008	Fylkesmannen i Hordaland	Tiltaksmidlar til lokalt helsefremjande og førebyggjande arbeid på områda fysisk aktivitet - kosthald og
4	U	10.03.2008	Fylkesmannen i Hordaland	TILTAKSMIDALR TIL HELSEFREMJANDE OG FØREBYGGJANDE ARBEID
5	I	10.03.2008	Solheim grendalag v/Kjartan Sandnes	Søknad om tiltaksmidlr til badestrand og turløype for born og vaksne
6	I	10.03.2008	Matre skule v/rector Liv Øydis Trædal	Søknad om tiltaksmidlar til prosjektet Tidleg tiltak - varig verknad på Matre skule
7	I	10.03.2008	Mellomtrinnet på Matre skule - 5. 6. og 7. klasse	Søknad om tiltaksmidlar til Vass-stasjon
8	I	10.03.2008	Matre skule v/rector	Søknad om tiltaksmidlar til Dans/sunne måltid
1	I	11.03.2008	Sandnes skule v/rector	Søknad om tiltaksmidlar til helsefremjande og førebyggjande - Ein sunn elev er ein lærevillig elev
10	I	08.04.2008	Fylkesmannen i Hordaland	Melding om tilskot - tiltaksmidlar til Prosjekt Dans og sunne måltid ved Matre skule
9	I	08.04.2008	Fylkesmannen i Hordaland	Melding om tilskot - tiltaksmidlar til Prosjekt - Ein sunn elev er ein lærevillig elev ved Sandnes skule
11	I	17.04.2008	Fylkesmannen i Hordaland	Avslag på søknad om tilskot til Prosjekt Tidleg tiltak - varig verknad ved Matre skule
12	I	17.04.2008	Fylkesmannen i Hordaland	Avslag på søknad om tilskot til Prosjekt Vass-stasjon ved Matre skule
13	I	01.07.2009	Nordbygda skule v/Berit Lygre	Tidleg tiltak - varig verknad - prosjektperiode 2008-10 - tverretatleg prosjekt i oppvekstområda
14	I	19.08.2009	Nordbygda skule v/Berit Lygre	Innkalling til planleggingsmøte i prosjekt Tidleg tiltak
15	I	16.12.2009	prosjektleiar Nordbygda skule v/Berit Lygre	Innkalling til fellesmøte for alle prosjektdeltakarane den 13.01.10 på Nordbygda skule

16	I	08.05.2010	NLA Høgskolen	Tidleg tiltak - varig verknad - samhandling melom Masfjorden kommune og NLA Høgskolen
17	U	31.05.2010	NLA Høgskolen	Tidleg tiltak - varig verknad - samhandling melom Masfjorden kommune og NLA Høgskolen
18	U	04.06.2010	2003 og 2004 Foreldre til born fødde i 2002	Tidleg tiltak - varig verknad, spørjeskjema til foreldra
19	I	16.08.2010	NLA Høgskolen	Oversendelse av avtale til underskriving
20	U	24.08.2010	NLA Høgskolen	Avtale mellom Masfjorden kommune og NLA Høgskolen - underskriven av begge partar

## SAKSUTGREIING:

### BAKGRUNN/ FAKTA

Prosjektet "Tidleg tiltak – varig verknad" kom i gang hausten 2008 og vart avslutta våren 2010. Skulane, barnehagane, helsesyster og fysioterapeut har vore med. Føremålet med prosjektet var å få i gang samarbeid mellom barnehage, skule og andre instansar for å få til ein god samanheng i heile opplæringsløpet, frå barnehage gjennom grunnskule og vidaregåande opplæring. Dette er ei satsing som det er teke initiativ til på sentralt hald, og som ein ser føre seg både kan vera med på å sikra betre læringsresultat og gje nedgang i talet på dei som ikkje fullfører vidaregåande utdanning. Nokre prosjekt fekk midlar frå staten. Vårt tiltak nådde ikkje opp i den konkurransen og har vorte drive med berre kommunale midlar.

### VURDERING

Dei pedagogiske hovudmåla for prosjektperioden er til ein viss grad oppfylt. Det same gjeld dei organisatoriske hovudmåla. Ein er komen godt av garde, men her er også fleire område som må betrast og vidareutviklast. Og dette er ikkje noko som ein er ferdig med. Ein har gjennom prosjektet lagt grunnlaget for ei satsing som me kan få til å verka. Skulane og barnehagane må difor vera opptekne av å halda vedlike det samarbeidet ein no har bygt opp seg imellom og med dei andre instansane som har vore med. Kommunen som skule- og barnehageeigar bør leggja til rette for at samarbeidet med NLA held fram, for me treng innspel og oppdatering frå dei pedagogiske fagmiljøa.

### KONKLUSJON

Sjå framlegget til vedtak.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	14.09.2010	064/10	Ørnulf Lillestøl
Kommunestyret	23.09.2010	067/10	Ørnulf Lillestøl

Arkiv: N-016	Arkivsaknr.: 07/207
--------------	---------------------

### SAK 067/10 - UNGDOMSKONTAKT KNARVIK SENTER

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Masfjorden kommune er positiv til å videreføre det interkommunale førebyggjande tiltaket Ungdomskontakten Salto frå 2011. Det vert inngått driftsavtale med Lindås kommune.
2. Vedlagt saka ligg framlegg til driftsavtale for tiltaket. I denne går det fram prinsipp for kostnadsfordeling mellom kommunane, kommunane si deltaking og ansvar for arbeid med å vidareutvikle tiltaket. Masfjorden kommune meiner prinsipp for kostnadsfordeling mellom kommunane må fylgje av innarbeida praksis dvs innbyggjartal og ikkje forbruk av tenesta.

#### FS-064/10 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

1. Masfjorden kommune er positiv til å videreføre det interkommunale førebyggjande tiltaket Ungdomskontakten Salto frå 2011. Det vert inngått driftsavtale med Lindås kommune.
2. Vedlagt saka ligg framlegg til driftsavtale for tiltaket. I denne går det fram prinsipp for kostnadsfordeling mellom kommunane, kommunane si deltaking og ansvar for arbeid med å vidareutvikle tiltaket. Masfjorden kommune meiner prinsipp for kostnadsfordeling mellom kommunane må fylgje av innarbeida praksis dvs innbyggjartal og ikkje forbruk av tenesta.

**Finansiering**  
Budsjett 2011

**Heimel**

**Utskrift vert sendt:**

Arbeidsutvalet Prosjekt Ungdomskontakten Salto v/Einar Vatne  
Kommunane i Nordhordland

**Det skjedde i Formannskapet den 14.09.2010:**

Ordfører Håkon Matre orienterte om saka.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**KS-067/10 VEDTAK:**

- 1. Masfjorden kommune er positiv til å vidareføre det interkommunale førebyggjande tiltaket Ungdomskontakten Salto frå 2011. Det vert inngått driftsavtale med Lindås kommune.**
- 2. Vedlagt saka ligg framlegg til driftsavtale for tiltaket. I denne går det fram prinsipp for kostnadsfordeling mellom kommunane, kommunane si deltaking og ansvar for arbeid med å vidareutvikle tiltaket. Masfjorden kommune meiner prinsipp for kostnadsfordeling mellom kommunane må fylgje av innarbeida praksis dvs innbyggjartal og ikkje forbruk av tenesta.**

**Finansiering**

Budsjett 2011

**Heimel****Det skjedde i Kommunestyret den 23.09.2010:**

Ordfører Håkon Matre orienterte om saka.

Willy Borge, Frp, sa at dette er eit godt prosjekt. Det er viktig å ha ein slik møteplass for ungdomane våre.

Vigdis Søvik, sa at Senterpartiet ser positivt på dette samarbeidsprosjektet, sjølv om kostnadsfordelinga ikkje er slik som me kunne tenkt oss.

**Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.**

## SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	15.02.2007	Meland kommune	Ungdomskontakt Knarvik Senter - søknad om midlar
2	I	22.02.2007	Austrheim kommune	Melding om vedtak i Austrheim kommune
3	I	23.04.2007	Meland kommune	Ungdomskontakt Knarvik Senter - søknad om midlar innvilga
4	I	14.02.2008	Meland kommune	Søknad om framhald av tilskot til prosjekt Ungdomskontakten
5	I	16.09.2008	Lindås kommune	Kommunal delfinansiering av prosjekt Ungdomskontakt - Knarvik senter
6	I	25.03.2009	Meland kommune	Årsrapport 2008 - Prosjekt Ungdomskontakten Salto - Knarvik senter
7	I	26.03.2010	Prosjekt Ungdomskontakten Salto v/Einar Vatne	Ungdomskontakten Salto - frå prosjekt til drift
8	I	15.06.2010	Radøy kommune	Ungdomskontakten Salto - frå prosjekt til drift
10	I	02.09.2010	Lindås kommune	Godkjenning av driftsavtale - Ungdomskontakten Salto

## SAKSUTGREIING:

### BAKGRUNN

Ungdomskontakten Salto er eit prosjekt som starta opp 01.09.07 og varer fram til 01.09.09. Masfjorden kommune har delteke med tilskot årleg på 5.600,- i 2008 og 15.200,- i 2009.

#### *Målsettinga for prosjektet:*

- Etablere eit lågterskeltilbod for uorganisert ungdom
- Gjennom tidleg observasjon og intervensjon mot ungdom i faresonen førebyggje rus og anna problematferd.
- Gi livshjelp og livsmeistringskompetanse gjennom tilbod om vaksenkontakt.
- Styrke den einkilde kommune i regionen si samla tiltakskjede retta mot einskildungdomar.

## HØYRING

## UTTALE

### FAKTA

Det interkommunale prosjektet Ungdomskontakten Salto er lokalisert til Knarvik senter.

Prosjektet er finansiert av statlege prosjektmidlar, kommunane Meland, Masfjorden, Radøy, Austrheim, Modalen, Fedje og Lindås kommune, kyrkja – i tillegg til at Knarvik senter har stilt lokale disponibelt for prosjektet utan vederlag.

Prosjektperioden er frå 2007 og ut 2010 og statstilskot for siste del av 2010 vil truleg medføre at prosjektet vert avslutta som mellombels prosjekt med reknskap i balanse.

For vidare drift må kommunane finansiere dette utan statstilskot. Kostnadene for kommunane vil då auke for å kompensere for bortfall av statstilskot. For Masfjorden er framlegget ein kostnad på 62.500,- for 2011.

### Kostnadsfordeling

Framlegg frå arbeidsutvalet til kostnadsfordeling ser slik ut;

Framlegg til fordeling av kostnadsnivå:

Lindås kommune	65%	kr.	812.500
Meland kommune	20%	kr.	250.000
Masfjorden kommune	5%	kr.	62.500
Radøy kommune	4%	kr.	50.000
Austrheim kommune	2%	kr.	25.000
Modalen kommune	2%	kr.	25.000
<u>Fedje kommune</u>	<u>2%</u>	<u>kr.</u>	<u>25.000</u>
SUM	100%	kr.	1.250.000

Som ein ser er det i dette tiltaket fordelt kostnader etter forbruk, noko som er uvanleg i andre interkommunale tiltak. Det er også uventa fordi det i prosjektperioden er fordelt etter innbyggjartal. Masfjorden har høg andel av nokre hovedgrunnar. I høve opningstid passar dette med ventetid for buss til Masfjorden. Mange ungdomar nyttar tiltaket som "ventetilbod". Masfjorden kommune si helsesyster og psykiatrisk sjukepleiar arbeider i tiltaket og nyttar tilsaman om lag 1 arbeidsdag pr mnd. Desse reklamerer aktivt for tiltaket for ungdomskulelevar i Masfjorden og trekkjer til seg masfjordungdom når dei arbeider i tiltaket.

Masfjorden har ikkje fått gjennomslag for denne argumentasjonen i denne runden. Framlegg til samarbeidsavtale som no er til behandling i alle kommunane byggjer på denne kostnadsvurderinga.

Aktuell informasjon om status, erfaringar, resultat, evaluering og faglege argument kjem fram av skriva som er vedlagt i saka.

Viser vidare til nasjonale føringar for prioritering av førebyggjande verksemd, tidleg identifikasjon og intervensjon på rusområdet. Viser m.a. til nasjonal rettleiar 2009: "Fra bekymring til handling – En veileder om tidlig intervensjon på rusområdet." Denne rettleiaren er utarbeidd i samarbeid mellom Helse-, Politi-, Utdannings-, og Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet, og er eit prioritert satsingsområde i Opptrappingsplanen for rusfeltet. Førebygging og tidleg intervensjon er også ei tydeleg prioritering i den komande samhandlingsreforma.

Prosjektet Ungdomskontakten Salto er ei synleggjering av korleis ein interkommunalt kan arbeide med tidleg identifikasjon og intervensjon.

Arbeidsutvalet tilrår at prosjekt Ungdomskontakten Salto vert vidareført frå prosjekt og over til fast drift frå år 2011. Styringsgruppa for prosjektet er Politirådet for Lindås og Meland kommunar.

Det vert tilrådd at alle deltakande kommunar tek stilling til framlegget før ein kan utforme endeleg driftsavtale, jfr. budsjettprosessen for 2011 i den einskilde kommune. Dette har m.a.samanheng med at prosjektperioden er slutt 01.09.10, og engasjementavtalar for personalet er inngått ut året 2010.

Masfjorden kommune har budsjettert med eit tilskott på kr. 15000,- for 2010. Dersom prosjektet for dette året blir tildelt kr. 595.000 i statstilskott, som omsøkt, er tiltaket fullfinansiert. Det er enno usikkert om prosjektet blir tildelt dette tilskottsbeløpet. I tilfelle statstilskottet blir mindre, må kommunane auke opp sitt tilskott. I tilfelle må dette bli teke opp som ei budsjettendring i haust.

Det går fram av aktuelle vedlegg at prosjektperioden m.a. har vore ein utprøvningsfase. Ungdomskontakten Salto ynskjer å bygge vidare på erfaringsgrunnlaget, og stadig vere søkjande etter å vidareutvikle kompetanse og samarbeidsformer med dei ulike kommunane i regionen i møte med målgruppa.

## VURDERING

Rådmannen ser det som tenleg å arbeide fram førebyggjande tiltak i regionen på tvers av kommunegrenser. Ungdom, trendar og miljø er mobile, og det er tenleg å møte ungdom på deira eigne arena for å motvirke nyrekruttering, overføring og muleg tilbakeføring av mindre tenleg atferd til den einskilde kommune.

Slik sett er Knarvik senter eit sentralt møtepunkt for lokale ungdomar, og dermed ei viktig lokalisering for førebyggjande tiltak som og kan ha verknad for tilgrensande kommunar.

Aktuell dokumentasjon og uttalar i høve til prosjektet er positive og lovande, jfr. vedlegga i saka. Prosjektet er også tilrådd frå regionalt kompetansesenter med særskilt kunnskap om førebyggjande verksemd.

Den økonomiske utfordringa for kommunane er stor ved overgang frå prosjekt til vanleg drift. Prosjektet Ungdomskontakten Salto er i prosjektperioden i betydeleg del statsfinansiert. For Masfjorden kommune vil venteleg tilskottsdelene auke frå kr. 15.000,- i 2010 til vel 62.500,- kroner i 2011.

Ungdomskontakten Salto er døme på eit framtidsretta førebyggjande tiltak, som venteleg også har nasjonal interesse. Difor må arbeids og styringsgruppe sjå på høvet for å hente inn eksterne midlar utover prosjektperioden, t.d. gjennom samhandlingsreforma.

## KONKLUSJON

Masfjorden kommune er positiv til å vidareføre det interkommunale førebyggjande tiltaket Ungdomskontakten Salto frå 2011. Framlegg til driftsavtale vert inngått, jfr. tilråding av 25.03.10. frå arbeidsutvalet for prosjektet.



# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	14.09.2010	063/10	Ørnulf Lillestøl
Kommunestyret	23.09.2010	068/10	Ørnulf Lillestøl

Arkiv: N-104, N-4	Arkivsaknr.: 09/505
-------------------	---------------------

### SAK 068/10 - STIMULERINGSMIDLAR TIL LOKALT FOLKEHELSEARBEID - PARTNARSKAP FOR FOLKEHELSE

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Masfjorden kommune inngår partnerskapsavtale for folkehelse med Hordaland fylkeskommune gjeldande frå 01.01.2011 til 31.12.2013
2. Det vert oppretta ein 50 % stilling som folkehelsekoordinator i prosjektperioden. Folkehelsekoordinatoren skal på bakgrunn av analyse av folkehelsestatus og utfordringar i Masfjorden kommune, initiere og iverksetje tiltak og prosjekt for å fremje folkehelsa i kommunen. Koordinatoren rapporterer til rådmann.
3. Rådmannen etablerer ei samarbeidsgruppe som saman med koordinator utformar profil, satsingsområde og drøftar konkrete tiltak.

#### Finansiering

#### Heimel

#### FS-063/10 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

1. Masfjorden kommune inngår partnerskapsavtale for folkehelse med Hordaland fylkeskommune gjeldande frå 01.01.2011 til 31.12.2013.
2. Det vert oppretta ein 50 % stilling som folkehelsekoordinator i prosjektperioden. Folkehelsekoordinatoren skal på bakgrunn av analyse av folkehelsestatus og utfordringar i Masfjorden kommune, initiere og iverksetje tiltak og prosjekt for å fremje folkehelsa i kommunen. Koordinatoren rapporterer til rådmann.
3. Rådmannen etablerer ei samarbeidsgruppe som saman med koordinator utformar profil, satsingsområde og drøftar konkrete tiltak.

#### Finansiering

#### Heimel

**Det skjedde i Formannskapet den 14.09.2010:**

Rådmannen orienterte.

Formannskapet drøfta saka.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**KS-068/10 VEDTAK:**

- 1. Masfjorden kommune inngår partnerskapsavtale for folkehelse med Hordaland fylkeskommune gjeldande frå 01.01.2011 til 31.12.2013.**
- 2. Det vert oppretta ein 50 % stilling som folkehelsekoordinator i prosjektperioden. Folkehelsekoordinatoren skal på bakgrunn av analyse av folkehelsestatus og utfordringar i Masfjorden kommune, initiere og iverksetje tiltak og prosjekt for å fremje folkehelsa i kommunen. Koordinatoren rapporterar til rådmann.**
- 3. Rådmannen etablerer ei samarbeidsgruppe som saman med koordinator utformar profil, satsingsområde og drøftar konkrete tiltak.**

**Det skjedde i Kommunestyret den 23.09.2010:**

Det vart delt ut brev frå Idrettsrådet i Masfjorden i høve denne saka.

Karstein Totland, H, kommenterte brevet frå Idrettsrådet der dei ber om denne stillingen kan samordnast med faglege og administrative oppgåver i idrettsskulen.

Willy Borge, Frp. Spurde om stillinga skulle lysast ut.

Lovisa Midtbø svara at stillingen skulle lysast ut.

Vigdis Søvik spurde om dette var ein stilling der ein kunne invitera Gulen med på eit samarbeid. Ber administrasjonen undersøkje om dette kan vera mogeleg.

Marit Steinestø, KrF, spurde om kor lang tid ein får pengar til denne stillinga.

Rådmannen svara at engasjementet går på 3 år.

**Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.**

## SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	02.07.2009	Hordaland fylkeskommune	Stimuleringsmidlar til lokalt folkehelsearbeid - partnerskap for folkehelse
2	I	22.09.2009	Hordaland fylkeskommune	Invitasjon til partnerskapskonferanse om folkehelse den 22.10.2009 på Hotel Terminus Bergen

## SAKSUTGREIING:

### BAKGRUNN

Kommunane vert invitert til å inngå partnerskap for folkehelse med fylkeskommunane. I Hordaland har ein del kommunar inngått slikt samarbeid. Etter informasjon og drøftingar i fellessamlingar med andre kommunar er det erfart at desse er nøgd med og dreg stor nytte av samarbeidet.

I Nordhordland har Austrheim inngått partnerskap, ellers har bl a Kvam og Odda inngått avtale.

Folkehelse er eit satsingsområde som er høgt prioritert nasjonalt og av Hordaland fylkeskommune. Det overordna målet er fleire leveår med god helse og reduserte helseskilnader. Utfordringane gjeld mellom anna psykisk helse, usunt kosthald, auke i kroppsvekt, fysisk inaktivitet og ikkje minst aukande sosiale skilnader i helsetilstanden til folk.

Hordaland fylkeskommune skal medverke i folkehelsearbeidet ved å leggje til rette for satsing i kommunane. Fylkeskommunen gjennomfører fellessamlingar for kommunane med erfaringsutveksling og kompetanseheving og er drøftingspartar for koordinatorane.

### FAKTA

Kommunane har ei sentral rolle i folkehelsearbeidet, særleg ved å leggje til rette for at innbyggjarane kan gjere sunne val. Fylkeskommunen vil kunne støtte dette arbeidet økonomisk. Masfjorden har i fleire rundar fått tilskot til einskildprosjekt oftast som mål å auke fysisk aktivitet, med fokus på kosthald, tobakk for barn og ungdom.

Fylkeskommunen prioriterar no og framover dei kommunar som har inngått partnerskapsavtale i vurdering av tilskot til einskildprosjekt.

Fylkeskommunen har som mål å få med flest mogleg av fylket sine kommunar i partnerskapsavtalar om folkehelsearbeidet.

Vedlagt ligg utkast til avtale.

Hordaland fylkeskommune vil kunne støtte folkehelsearbeidet i kommunen med ein tilsvarande sum, kr 150.000 , med føremål at det vert engasjert ein 'folkehelsekoordinator' i kommunen. Koordinatoren vil leie arbeidet med folkehelsearbeidet i kommunen. Det skal lagast ein handlingsplan som skal vise korleis kommunen vil samordna og prioritere tiltak som har dokumentert effekt på folkehelsa og som utjamnar helseskilnader. Ein vil ha fokus på lågterskeltilbod som er tilgjengelege for alle. Det er eit mål å utvikle samarbeidet mellom offentlege og private aktørar som har ansvar for psykisk helse, fysisk aktivitet, kosthald og ernæring, fysisk tilrettelegging, tiltak mot røyking og rusmisbruk og betre skule- og arbeidsmiljø. Det er ein føresetnad for støtte frå fylkeskommunen at kommunen yter ein tilsvarande innsats.

### **Organisering**

Rådmannen ynskjer å etablere ei arbeidsgruppegruppe som folkehelsekoordinator kan drøfte tiltak og satsingsområde med. Grappa vert samansett med fagpersonar frå helse og oppvekst.

Rådmannen har hatt fleire avklaringsmøte og stått i tett dialog med fylket sin prosjektkoordinator, Sigrun G. Henriksen, og representantar frå kultur og idrettsavdelinga. Utgangspunktet for drøftingane er satsing på folkehelse som del av kommuneplanarbeidet og etablering av fleirbrukshall som folkehelseiltak. Grunnlag er analyse av folkehelsestatus i kommunen. Korleis få dei som er inaktive aktive, påverke kosthald og livstil. Forsking på feltet syner klare utviklingstrekk i retning av større skilnader i befolkninga. Dei friske er friskare, meir aktive og lever sunnare, medan andre grupper får aukande helseproblem.

### **Målsetjingar og fokusområde**

Overordna mål for folkehelsearbeidet er;

- Fleire leveår med god helse blant innbyggjarane som heilskap
- Reduserte helseskilnader mellom sosiale lag, grupper, kvinner og menn.

Ein kan dele arbeidet med folkehelsa inn i 3 programområde

#### 1. Aktiv kvar dag

Mål: Alle skal vere meir aktiv kvar dag. Vi legg vekt på helseeffekt og sosial meirverdi, betre helse —> betre trivsel —> betre helse.

Utfordring: Korleis aktivisere dei som er inaktive ?

#### 2. Sunt kosthald

Mål: Sunnare mat i heile livsløpet. Sunn livsstil eit naturleg val.

Utfordring: Korleis endre matvanar hjå dei med innarbeida vanar. Stikkord er mindre sukker, meir frukt og grønt.

#### 3. Anlegg/planar

Mål: Betre tilrettelegging for fysisk aktivitet ute og inne.

Utfordring: Kva anlegg treng vi for å aktivisere alle, barn og unge, kvinner og menn, eldre og dei som ellers er inaktive spesielt.

Symjehall, fleirbrukshall, bruk av gymsalar på skulane, treningstudio, bruk av uteareal, fjellpostar. Vi har god tradisjon frå samarbeid med lag og organisasjonar. Idrettslag, helselag, lokale bygdslag er viktige samarbeidspartar for aktivisering og vidareutvikling av dette samarbeidet er føresetnad for folkehelseeffekt.

Folkehelse og førebygging må innarbeidast i kommunale planar. I arbeidet med kommuneplan vil dette feltet ha høg prioritet.

Det skal utarbeidast ein handlingsplanen som vert rullert årleg.

## VURDERING

Rådmannen ser dei statlege føringane og invitasjonen frå fylkeskommunen om eit samarbeid om arbeidet med folkehelsa i kommunen som eit godt utgangspunkt for å få til ei systematisering av arbeidet med folkehelsa i kommunen. Det er viktig å forankre arbeidet med folkehelsa på høgste nivå politisk og administrativt i kommunen. Det er også viktig å sikre eit fleirfagleg samarbeid der tilsette driv motivasjonsarbeid, tilsette som ser dei helsemessige konsekvensane av inaktivitet og helsereduserande livstil og dei som er igangsetjarar.

Rådmannen vil støtte at kommunen går inn i eit samarbeid med fylkeskommunen ved ein partnerskapsavtale om folkehelsearbeidet i kommunen. Dette vil gje tilgang til nettverk, kompetanse og ressursar som vi vil trenge i vår satsing.

## Konklusjon

Rådmannen rår til at Masfjorden kommune inngår "Partnerskapsavtale om folkehelse 2011-2013" med Hordaland fylkeskommune.

**Partnerskapsavtale**  
om  
**folkehelse**  
mellom  
**Hordaland Fylkeskommune og Masfjorden kommune**

**Avtale om partnerskap for folkehelse 2011 – 2013**

1. I medhald av

- Nasjonale mål og føringar (IS-1/2008)
- Stortingsmelding nr 16 (2002-2003) Resept for et sunnere Norge
- Stortingsmelding nr 20 (2006-2007) Nasjonal strategi for å utjevne sosiale helseforskjeller
- Avtale om partnerskap for folkehelse i Hordaland 2006-2010 mellom Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland Fylkeskommune
- Handlingsprogram for folkehelse 2007-2008
- Fylkesdelplanen 'Deltaking for alle – universell utforming'

har Hordaland Fylkeskommune og Masfjorden kommune inngått avtale om å samarbeida for å fremje og styrkje folkehelsa i kommunen.

2. Masfjorden kommune vil

- Auke kunnskapen om og integrere folkehelse i den kommunale verksemda
- Vurdere helsekonsekvensar i dei kommunale planane
- Fastsetje mål for det lokale folkehelsearbeidet
- Samordne og prioritere tiltak som har dokumentert effekt på folkehelsa og utjamnar helseforskjellar

3. Masfjorden kommune vil lage ein handlingsplan for kommunen sitt folkehelsearbeid med tiltak som skal setjast i verk. Planen skal rullerast årleg. Fyrste gang hausten 2011.

4. Hordaland fylkeskommune vil i samarbeid med Fylkesmannen stille fagleg kompetanse til rådvelde, og medverke til erfaringsspreiing gjennom egne partnerskapsnettverk.

5. Hordaland fylkeskommune vil etter nærare avtale støtte økonomisk det årlege programmet som er nemnt under punkt 3. Det er ein føresetnad at kommunen yter ein tilsvarende innsats.

Bergen, (dato)  
Hordaland fylkeskommune

Masfjordnes, (dato)  
Masfjorden kommune

Torill Selsvold Nyborg  
fylkesordfører

Håkon Matre  
ordfører

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	14.09.2010	067/10	Svein Helge Hofslundsengen
Kommunestyret	23.09.2010	069/10	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-536, N-105	Arkivsaknr.: 10/380
---------------------	---------------------

### SAK 069/10 - NORDBYGDA IDRETTSANLEGG - NY DRIFTSAVTALE

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Driftsavtalen mellom Masfjorden fotballag og Masfjorden kommune for Nordbygda sentralidrettsanlegg vert forlenga for perioden 2011 – 2013.
2. Kommunalt driftstilskot vert oppjustert til kr. 150.000 pr. år utan indeksregulering.
3. Avtalen gjeld slik den ligg føre vedlagt.

#### Finansiering

Vedteke årsbudsjett for 2010 og justering av kommande økonomiplan 2011-13.

#### Heimel

Kommunelova.

#### Utskrift vert sendt:

Idrettsrådet i Masfjorden

5986 HOSTELAND

v/John Torsvik

Masfjorden fotballag v/John

5986 HOSTELAND

Torsvik

**KS-069/10 VEDTAK:**

1. Driftsavtalen mellom Masfjorden fotballag og Masfjorden kommune for Nordbygda sentralidrettsanlegg vert forlenga for perioden 2011 – 2013.
2. Kommunalt driftstilskot vert oppjustert til kr. 150.000 pr. år utan indeksregulering.
3. Vedlagt avtale gjeld slik den ligg føre.

**Finansiering**

Vedteke årsbudsjett for 2010 og justering av kommande økonomiplan 2011-13.

**Heimel**

Kommunelova.

**Det skjedde i Kommunestyret den 23.09.2010:**

**Bjørn Egil Nordland, Ap**, spurde om kva kontroll det er på oppfølging av avtalar. Har kommunen rutinar på kor ofte ein skal sjekka at avtalar vert oppfylgt?

Ordfører Håkon Matre sa at det har ikkje vore faste rutinar på dette.

Rådmann Lovisa Midtbø sa at det er viktig for kommunen å få til faste rutinar på dette. Det har fungert bra i periodar og andre periodar dårleg. Me er no i ein god dialog med Masfjorden fotballag, så dette vil me prøva å få til gode rutinar på i framtida.

**Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.**

**FS-067/10 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:**

1. Driftsavtalen mellom Masfjorden fotballag og Masfjorden kommune for Nordbygda sentralidrettsanlegg vert forlenga for perioden 2011 – 2013.
2. Kommunalt driftstilskot vert oppjustert til kr. 150.000 pr. år utan indeksregulering.
3. Avtalen gjeld slik den ligg føre vedlagt.

**Finansiering**

Vedteke årsbudsjett for 2010 og justering av kommande økonomiplan 2011-13.

**Heimel**

Kommunelova.



**Det skjedde i Formannskapet den 14.09.2010:**

Formannskapet drøfta saka.

Willy Borge, Frp, peika på at resten av bana, friidrettsdelen burde vore rydda og det måtte stillast krav om dette.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**SAKSTILFANG:**

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	10.05.2010	Masfjord fotballag v/John Torsvik	Søknad om driftstilskot for Nordbygda Idrettsanlegg
2	U	24.08.2010	Masfjord fotballag v/John Torsvik	Vedk. søknad om driftstilskot for Nordbygda Idrettsanlegg

**SAKSUTGREIING:****BAKGRUNN**

Gjeldande driftsavtale for Nordbygda sentralidrettsanlegg går ut 31.12.2010 med Masfjord fotballag har gjort framlegg om å forlenga avtalen i form av ny søknad.

**FAKTA****Søknad om driftstilskot for Nordbygda Idrettsanlegg**

I søknaden skriv fotballaget dette om drifta og status:

Masfjord Fotballag vil med dette søkje Masfjorden kommune om ein ny driftsavtale for Nordbygda Idrettsanlegg, for åra 2010 – 2013, på kr. 150.000,- årleg. Fotballaget har hatt ein driftsavtale på kr. 125.000,- pr. år, men for 2008 og 2009 har desse tilskota gått inn som ein del av finansieringa av garderobe-/klubbhuset. Netto kostnad, dvs. utbetalte fakturaer vedr. drift av idrettsanlegget har for dei siste åra vore slik:

2007: kr. 113.844,-

2008: kr. 127.634,-

2009: kr. 97.399,-

I 2009 har Fotballaget også betalt inn kr. 486.703,- til finansiering av garderobe-/klubbhuset.

Masfjord Fotballag har forskottert utgifter til drift av anlegget dei siste 2 åra på kr. 225.033,-. Alt arbeid som vedrører idrettsbana vert gjort på dugnad av Fotballaget og Risnes IL samt gode hjelparar.

For 2010 reknar vi med noko auka driftsutgifter ettersom det har blitt noko etterslep på banedekka, auka straumforbruk, ekstra personell og tilsyn med garderobebygget samt tiltrengde investeringar.

Investeringsbehov:

2010: Ny, evt. brukt grasklyppar ca. kr. 120.000,-

2011 – 12: Vertikalskjærer ca. kr. 100.000,-

Evt. kost for kunstgrasdekke

Vi håper dette synleggjer at ei årleg ramme på kr. 150.000,- er det trong for å dekke i første rekkje innkjøp til drift og investeringar.

Kommunen har fått dokumentasjon/rekneskap dei åra som det er gitt driftstilskot. Kommunen har ikkje fått rekneskap/dokumentasjon/rapport dei siste åra jf. pkt. 8 i driftsavtalen. Desse åra er driftstilskot motrekna medverknad kostnader oppføring av klubb- og garderobebygg.

Det vart halde møte og avklaringar kring søknaden mellom fotballaget og kommunen den 24.august, synfaring på anlegget den 30.august. For 2010 er driftstilskot motrekna kjøp av plenklyppar, og netto er utbetalt til fotballaget. Slik at driftstilskot 2010 er utbetalt.

Driftsavtale som ligg ved saka bygger på eksisterande avtale, med nokre justeringar under pkt. 2, 3, 5, 8, 9 og 10.

## VURDERINGAR

Kommunen har god erfaring med driftsavtalen med fotballaget. Vedlikehaldet har vore tilfredstillande (synfaring i slutten av august stadfesta dette, men har og fått rapportar om at deler av vedlikehaldet har vore mangelfull – m.a. løpebana). Fotballaget har også dokumentert behov for å oppgradera årlege tilskot frå kr. 125.000 til kr. 150.000 i ein forlenga leigeavtale. Dette er ein rimeleg driftsavtale for kommunen, særleg med tanke på at det blir ytt ein stor dugnadsinnsats og anlegg/bygg er kraftig oppgradert siste åra. Rådmannen påpeikar pkt. 8 i avtalen, behov for betra rapportering, slik at dei i den framlagde avtaleteksten vert stilt krav om innlevering av driftsrekneskap, budsjett og tilstandsrapport.

## KONKLUSJON

Driftsavtalen mellom Masfjorden fotballag og Masfjorden kommune for Nordbygda sentralidrettsanlegg vert vidareført for perioden 2011 – 2013.

Kommunalt driftstilskot vert oppjustert til kr. 150.000 pr. år utan indeksregulering.

Avtalen gjeld slik den ligg føre i saka/spesifisert under;

**FRAMLEGG TIL DRIFSAVTALE  
MELLOM  
MASFJORD FOTBALLAG OG MASFJORDEN KOMMUNE  
FOR  
NORDBYGDA SENTRALIDRETTSANLEGG  
2011 - 2013  
(Vedteke i Masfjorden kommunestyre sak xx/00 den 23.09.2010)**

1. Avtalepartar er Masfjord Fotballag og Masfjorden kommune.
2. Masfjorden kommune står som eigar av Nordbygda Sentralidrettsanlegg medrekna grasbane, friidrettsbane, treningsfelt grus, sand-vollyballbane og garderobebygg/klubbhus.
3. Avtaleperioden gjeld for perioden 01.01.2011 til og med 31.12.2013, med ei oppseiingstid for kvar av partane på 1 år. Ved misleghald kan avtalen seiast opp straks.
4. Masfjorden kommune dekker dei naudsynte forsikringar for bygg og anlegg, inklusivt skade på anlegg som skuldast ytre påverknad på anlegget.
5. Masfjord fotballag tek på seg drift og vedlikehald av heile anlegget jfr. pkt. 2, medrekna kostnader ved forbruk av straum og elektriske installasjonar.
6. Risnes I.L., Idrettsrådet i Masfjorden samt Masfjorden kommune har møterett til banenemnda for anlegget.
7. Melding om val i banenemnda vert sendt kommunen ved rådmannen når dette er gjort. Innkalling vert sendt minst 1 veke før møtet.
8. Masfjord Fotballag ved banenemnda sender driftsrekneskap, årsbudsjett og tilstandsrapport for anlegget og området rundt, til kommunen v/rådmann innan 1. mars kvart år.
9. Masfjord Fotballag har i avtaleperioden rett til å selja reklametenester på og ved anlegget, samt driva kiosksal ved arrangement på anlegget. Utleige/utlån av bygget til arrangement.
10. Kommunalt driftstilskot til Masfjord Fotballag vert årleg på kr 150.000,- utan indeksregulering.



Masfjordnes, den .....

---

Masfjord Fotballag  
lagleiar

---

Masfjorden kommune  
ordføraren

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	14.09.2010	069/10	Svein Helge Hofslundsengen
Kommunestyret	23.09.2010	070/10	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-102.1, N-563.2	Arkivsaknr.: 10/421
-------------------------	---------------------

### SAK 070/10 - STATUS KOMMUNALE VEGAR 2010, INVESTERINGSPLAN FOR KOMMUNALE VEGAR 2011 - 2015

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Investeringsplan kommunale vegar 2010-15, samt spesifisering av sommarvedlikehald under driftsbudsjettet kommunale vegar vert godkjent slik det ligg føre i saksutgreiinga.

#### **Finansiering**

Årleg innarbeiding i drifts- og investeringsbudsjettet

Behov for tilleggsøyving kommunale vegar, drift i 2010 med 800.000 (vert innarbeid i sak om budsjettrevisjon)

#### **Heimel**

Økonomireglement, kommunelova etc.

#### **FS-069/10 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:**

Investeringsplan kommunale vegar 2010-15, samt spesifisering av sommarvedlikehald under driftsbudsjettet kommunale vegar vert godkjent slik det ligg føre i saksutgreiinga.

#### **Finansiering**

Årleg innarbeiding i drifts- og investeringsbudsjettet

Behov for tilleggsøyving kommunale vegar, drift i 2010 med 800.000 (vert innarbeid i sak om budsjettrevisjon)

#### **Heimel**

Økonomireglement, kommunelova etc.

**Det skjedde i Formannskapet den 14.09.2010:**

Saka vart drøfta.

Willy Borge, Frp, sa at det skulle vore oljegrusa meir når ein fyrst var igong då det ville bli billigare. Han kunne tenkja seg å plussa på 1 mill for 2011 til føremålet.

Ordførar sa at dette ville bli tema i budsjett- og økonomiplanen i haust, slik ein vil koma tilbake til det då.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**KS-070/10 VEDTAK:**

**Investeringsplan kommunale vegar 2010-15, samt spesifisering av sommarvedlikehald under driftsbudsjettet kommunale vegar vert godkjent slik det ligg føre i saksutgreiinga.**

**Finansiering**

Årleg innarbeiding i drifts- og investeringsbudsjettet

Behov for tilleggsøyving kommunale vegar, drift i 2010 med 800.000 (vert innarbeid i sak om budsjettrevisjon)

**Heimel**

Økonomireglement, kommunelova etc.

**Det skjedde i Kommunestyret den 23.09.2010:**

Willy Borge, Frp, sa at det i Masfjorden er gjort ei historisk investering på vegar i 2009, og takka vere 1 mill frå Staten.

I år har det derimot blitt investert lite av forskjellige årsaker.

Me må prøva å finna pengar i haust og få sett i gang oljegrusing tidleg på våren i 2011. Prisen er no låg, så det vil vera eit gunstig tidspunkt å få gjort dette på.

Leiar i eldrerådet Klaus Nordli fekk ordet.

Han snakka om oljegrusing av kommunale vegar og at alle parti måtte lesa partiprogrammet sitt der dette temaet var med.

Ordførar Håkon Matre sa at denne saka må og sjåast på i forbindelse med budsjettet.

**Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.**

## SAKSTILFANG:

Notat/oppsett frå TML v/Gunnar Molland & Kurt Gjerde av 26.08.2010

## SAKSUTGREIING:

### BAKGRUNN

Ajourføring av tidlegare vedtekne vedlikehaldsplan for kommunale vegar, og rullering av investeringsplan jf. sist kommunestyremøte.

### FAKTA

Eksisterande vedlikehaldsplan kommunale vegar (Kommunestyresak 97/08, av 11.12.2008) er til dels kraftig forsert med ekstraløyving og tiltak 2009. viser i denne samanheng m.a. til kommunen si årsmelding 2009 (side 6) med spesifisering av tiltak. I 2009 vart det samla brukt om lag 5 mill.kr. på kommunale vegar.

Her følgjer ein statusrapport kommunale vegar, og framlegg til rullering av investering- og vedlikehaldsplan kommunale vegar.

### **Planlagt utført 2010**

Vedlikehald (sommar) ført i driftsbudsjettet (løyving på 300.000 i driftsbudsjettet;

### **Krattrydding**

- Solheimslia
- Delar av vegen til indre Hope
- Rambjørg
- Areklettvegen
- Kalhovda
- Stien Matre
- Stordalsvegen
- Ytre Haugsdal
- Delar av veg til Einekavane Matre
- Delar av veg til Bjørn West Museet langs Matreelva

### **Grofterensk**

- Rambjørg
- Tangedal (delar av vegen)
- Indre Hope (delar av vegen)
- Lauveidet
- Areklettvegen (delar av vegen)
- Bustadfelt Sandnes
- Haukelandslia (delar av vegen)

### **Grusing**

- Areklettvegen
- Molland

### Kommunale vegar – investeringsbudsjettet (opphavleg)

Det er innarbeid ei løyving på 500.000 i investeringsbudsjettet 2010, samt ein del unytta midlar tidlegare år (status på denne delen først 31.12.09). Løyving Haugsdal bru som eiga politisk sak.

Tiltak	Adresser	Beskrivelse	Estimerte kostnader Ink mva
Oppgradering av bru	Indre Haugsdal	Sjå rapport. Avventer anbod.	1.700.000,-
Asfalt	Skaret (Haugsvær)	Ca 50 m sør for andre ferist til snuplass i Skaret	100.000,-
Heving av vegbane	Tangedal	Heving av parti på vegen ved Tangedalsvatnet grunna oversvømmelse	100.000,-
Krattrydding	Kommunevegar		150.000,-
Grusing	Kommunevegar m/ grusdekke		100.000,-
<b>Samlet for disse poster</b>			<b>kr 2.150.000,-</b>

### Kommunale vegar – investeringsbudsjettet (saldert)

#### KS-056/10 VEDTAK:

1. Utbetringar Haugsdal bru vert lagt ut på anbod, og teke opp som eiga løyvingssak.
2. konkretisering av investeringstiltak kommunale vegar 2010;

Tiltak	Adresse	Beskrivelse	<i>Estimerte kost. kr. Eks mva</i>
Bru vedlikehald	Kommunale bruer	Sjå eigen rapport om bruvedlikehald datert 21.05.2010 Rapporten omfattar inspeksjon av alle dei 11 kommunale bruene kommunen. Den estimerte totalkostnaden på kr 645.000,-som det vert synt til i rapporten omfattar ikkje reparasjon av Haugsdal bru.	490.000,-
Asfaltering	Skaret (Haugsvær)	Ca 50 m sør for andre ferist til snuplass i Skaret	110.000,-
Flomsikring	Veg til Storemyr		200.000,-

3. Auka løyving frå 500.000 til 800.000 vert dekkja ved overføring frå driftsrekneskapen

#### Finansiering

Auka overføring frå driftsrekneskapen til investeringsrekneskapen med 300.000 vert innarbeidd i budsjett 2010

**Kommunale vegar – ajourført oversyn tiltak 2010 (jf. KS sak 97/08)**

Tiltak	Adresser	Skildring	Estimerte kostnader	Utført
Indre Haugsdal bru	Indre Haugsdal	Anbod, frist 10.09.2010	1 700 000	
Asfaltering	Matre	Veg til bassenget og parkeringsplass		2009
Asfaltering	Solheimslia	Frå X Fv 379 Solheim kai retning Vågset ca. 500 m		2009
Asfaltering	Kalhovda. Sideveg mot nordaust	Frå X Kommuneveg		2009
Asfaltering	Indre Hope	Rest på ca. 300 m		2009
Asfaltering	Skaret (Haugsvær)	Ca. 50 m sør for andre ferist til snuplass i Skaret		utsett 2011
Asfaltering	Stokkevikfeltet	Rest på ca. 200 m ved enden av vegen		2009
Heving av vegbane	Tangedal	Heving av parti på vegen ved Tangedalsvatnet grunna oversvømming		utsett 2011
Grøfting	Kommunevegar			2009
Krattrydding	Kommunevegar		100 000	
Grusing	Kommunevegar m/ grusdekke			2009
Asfaltering	Sandnes skule	Veg til brannstasjon og skuleplass		2009
tilleggstiltak utover planlagde tiltak 2010;				
Parkeringsplass	Areklettsanden	Parkering for besøkande av badestranda	75 000	
Asfaltering	Ytre Hope	Første del av vegstrekka, ca. 100 m	75 000	
Plastring av veg	Storemyr	Sikring av veg mot elv	200 000	
Asfaltering	Knappen	Masseutskifting	50 000	
Stikkveit	Byrkjeland	Sprenging av større kum / utskifting av eks. rør	60 000	
Bruttaltak KS 56/10			490 000	
		Sum tiltak 2010: - drift	360 000	
		Sum tiltak 2010: - investering	690 000	
		sum investeringsiltak 2010 med estimert kostnad Indre Haugsdal bru	2 390 000	

**Status økonomi 2010**

Opphavleg budsjett for kommunale vegar, teneste 33301 utgjør netto kr. 1.793.300 for drift og 500.000 for investering. Investeringsbudsjettet vart auka opp med 300.000 til 800.000 i sist kommunestyremøte, sak 56/2010 – den 17.juni.

Budsjettpost 12303 vintervedlikehald – er det brukt 1.254.594,50 av eit budsjett på 800.000, og her kjem ½ av fast godtgjersle neste brøytesesong pr. 1.november → fører til ein kostnad på 1.589.000 avrunda til 1,6 mill.kr. og det doble av budsjettet.

Konto 12701 gjeld førebuingsarbeid Haugsdalen bru (kr. 40.000), og skal først på investering om dette tiltaket vert utført.

Berre småsummar ført på investeringsbudsjettet i 2010, medan driftsbudsjettet samla sett nesten er brukt opp allereie. **Drift kommunale vegar treng tilført 800.000 under budsjettrevisjon/2.tertialrapport.**

**Investeringar 2011 (og sommarvedlikehald)**

Tiltak	Adresser	Skildring	Estimerte kostnader
Asfaltering	Areklettvegen	Frå Skjelsundet bru til snuplass Areklett	950 000 investering
Grusing	Kommunevegar m/ grusdekke		100 000 drift
Krattrydding	Kommunevegar		100 000 drift
Grøfting	Kommunevegar		100 000 drift
tilleggstiltak utover planlagde tiltak 2011(KS 97/08 av 11.12.08)/utsett tiltak;			
Asfaltering	Skaret		110 000 investering
Heving av vegbar	Tangedalsvegen	Ca. 100 m av kommunevegen v/ Tangedalsvatnet	100 000 investering
Asfaltering	Kvingedal	Delar av vegen i ca. 300 m	100 000 investering
Asfaltering	Knappen	Delar av vegen. Rep. teleskade	15 000 drift
Asfaltering	Tangedal	Reperasjonsarbeid beskreve over	40 000 drift
		Samla investering kommunale vegar 2011	1 260 000
		Sommarvedlikehald kommunale vegar 2011	355 000
			<b>1 615 000</b>



**Investeringer 2012 (og sommarvedlikehald)**

Tiltak	Adresser	Skildring	Estimerte kostnader
Asfaltering	Gunnarbuøyra	Frå X Fv 376 til snuplass	160 000
Asfaltering	Molland	Frå X Rv 57 til snuplass	500 000
Asfaltering	Stykke bustadfelt	Frå omsorgsbustader til snuplass	60 000
Krattrydding	Kommuneveggar		100 000
Grøfterensk	Kommuneveggar		100 000
Grusing	Kommuneveggar		20 000
		Samla investering kommunale vegar 2012	660 000
		Sommarvedlikehald kommunale vegar 2012	280 000
			<b>940 000</b>

**Investeringer 2013 (og sommarvedlikehald)**

Tiltak	Adresser	Skildring	Estimerte kostnader
Asfaltering	Træet	Frå X Fv 376 til snuplass	140 000
Asfaltering	Frøyset kyrkje	Frå X Fv 379 til snuplass v/ kyrkje	90 000
Grøfterensk	Kommuneveggar		100 000
Krattrydding	Kommuneveggar		100 000
Bruvedlikehald	Heile kommunen	Hovedinspeksjonar m.m.	100 000
Utviding snuplass	Frøyset	Snuplass for kyrkje samt sikkerhetskant mot elv	400 000
		Samla investering kommunale vegar 2013	630 000
		Sommarvedlikehald kommunale vegar 2013	300 000
			<b>930 000</b>

**Investeringer 2014 (og sommarvedlikehald)**

Tiltak	Adresser	Skildring	Estimerte kostnader
Asfaltering	Selvåg	Frå X Fv 379 til snuplass byggjeverforretning	150 000
Asfaltering	Sandnes bustadfelt	Frå X Fv 570 til parkeringsplass / snuplass	80 000
Asfaltering	Matre	Delar av veg til Stien	50 000
Asfaltering	Solheim	Delar av veg til Solheim kai	100 000
Asfaltering	Hope	Skjerjebakken gravlund	100 000
Utviding	Haugsvær	Parti v/ avkjørsel til Haugsvær kai	30 000
Senking	Solheim	Senking av kommunalveg v/ Solheim grendahus	50 000
Krattrydding	Kommunale vegar		100 000
Grøfterensk	Kommunale vegar		100 000
Asfaltering	Matre	Frå X Fv 382 v/ barnehage langs elva til Bjørn West museet	100 000
Grusing	Kommunale vegar		50 000
		Samla investering kommunale vegar 2014	580 000
		Sommarvedlikehald kommunale vegar 2014	330 000
			<b>910 000</b>

**Investeringer 2015 (og sommarvedlikehald)**

- Stadvis forsterkningar av vegskulder på Stordalsvegen	
50.000,-	
- Asfaltering delar av veg indre Haugsdal	
300.000,-	
- Asfaltering veg til Kalhovda	300.000,-
- Asfaltering Stordalsvegen	400.000,-
Sum investering:	1.050.000,-
Sum drift (krattrydding, grøfterensk, grusing)	300.000,-

NB. Arbeid planlagd (frå 2011 -15) kan medføre omprioriteringar! Utbetring av strakstiltak og liknande.

## KONKLUSJON

Ein har ajourført langtidsplan kommunale vegar, sist rullert 11.12.2008, for perioden 2010-15.

TML v/veg tilrår at resterande investeringsmidlar for 2010 blir overført til 2011. Det vil gje ein betre pris på asfaltering når me innhentar tilbod.

Vil tilrå at ein godkjenner endring for 2010, og at ein legg perioden 2011-15 til grunn i økonomiplanen – og retningsgivande for dei aktuelle åra. Ut i frå at denne saka bygger på plan for mange år, vil her fort komme inn endringar/strakstiltak etc. som medfører endringar i framdrift/tiltak pr. år.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kraftfondsstyret	14.09.2010	020/10	Svein Helge Hofslundsengen
Kommunestyret	23.09.2010	071/10	Svein Helge Hofslundsengen
Formannskapet	23.09.2010	075/10	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-105.1	Arkivsaknr.: 10/672
----------------	---------------------

### SAK 075/10 - SØKNAD OM TILSKOT FRÅ KRAFTFONDET TIL FILMPROSJEKT - FISKARBONDEN ERIK RIISNES

#### Nytt framlegg til vedtak til formannskapet:

Masfjorden kommune løyver kr 25000 til filmprosjektet, finansiert med kr 10000 over konto 14700-2100- 38506 og kr 15000 over disp.fond drift – kultur.

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Det vert ikkje gjeve tilskot til filmprosjektet ”fiskarbonden Erik Riisnes” ut i frå at prosjektet er ein naturleg del av det ein vil kalle løpande drifta for verksemda til søkjar, og dermed i strid med § 2, 3 og 5.ledd i vedtektene for kraftfondet.
2. Vedtaket kan etter forvaltningslova § 28 påklagast. Klagefrist er 3 veker.

#### Finansiering

##### Heimel

Vedtektene og retningslinene for kraftfondet

### KRFT-020/10 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

1. Det vert ikkje gjeve tilskot til filmprosjektet ”fiskarbonden Erik Riisnes” ut i frå at prosjektet er ein naturleg del av det ein vil kalle løpande drifta for verksemda til søkjar, og dermed i strid med § 2, 3 og 5.ledd i vedtektene for kraftfondet.
2. Vedtaket kan etter forvaltningslova § 28 påklagast. Klagefrist er 3 veker.

#### Finansiering

##### Heimel

Vedtektene og retningslinene for kraftfondet

**Det skjedde i Kraftfondsstyret den 14.09.2010:**

Saka vart drøfta. Full semje om at tiltaket ikkje kan få støtte gjennom kraftfondet jf. vedtekter og retningsliner kraftfondet. Søknaden vert sett i forhold til kulturmidlar og/eller fondsmidlar knytt til disp.fond drift eller nyoppretta kulturfond. Saka vert vurdert i høve støtte kultur i neste formannskapsmøte.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**KS-071/10 VEDTAK:**

**Masfjorden kommune løyver kr 25000 til filmprosjektet, finansiert med kr 10000 over konto 14700-2100- 38506 og kr 15000 over disp.fond drift – kultur.**

**Det skjedde i Kommunestyret den 23.09.2010:**

Møteprotokoll frå formannskapet 23.09.10 vart delt ut der det låg føre vedtak i denne saka.

Ordførar sa at dette eigentleg er ei orienteringssak til kommunestyret, men kommunestyret kan sjølv sagt gjera anna vedtak dersom dei er usamd i formannskapet sitt vedtak.

**Kommunestyret støtta samrøystes vedtaket frå formannskapet.**

**FS-075/10 VEDTAK:**

Masfjorden kommune løyver kr 25000 til filmprosjektet, finansiert med kr 10000 over konto 14700-2100- 38506 og kr 15000 over disp.fond drift – kultur.

**Finansiering:**

Konto: 14700 2100 38506 og  
Disposisjonsfond drift - kultur

**Det skjedde i Formannskapet den 23.09.2010:**

Ordførar Håkon Matre orienterte om saka.

Formannskapet var positive til framlegget og gjorde samrøystes vedtak.

## SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	26.08.2010	Magne Helge Sleire	Søknad om tilskot frå kraftfondet til filmprosjekt - Fiskarbonden Erik Riisnes

## SAKSUTGREIING:

### BAKGRUNN

Det vert søkt om støtte frå Masfjorden kommune med 75.000 gjennom kraftfondet til filmprosjekt.

### FAKTA

Namn: Magne Helge Sleire		
Adresse: Ildalsåsen 47		5987 Hosteland
Kontaktperson: Magne Helge Sleire		Tlf: 90 18 64 20
Bransje: Media	Etableringsår: 1986	Antall tilsette: 1
Føretaksnr., eventuelt personnr. 9 (11) siffer:		970 120 548
Kort beskriving av verksemda:		
Corax Film har sidan 2006 hatt største delen av verksemda i Bergen. Det er no vedteke å leggje ned i Bergen og kun satse på Sleire. Det blir bygd eit studio der i samband med husbygging som me heldt på med. Søknaden er om prosjektet "Fiskarbonden Erik Riisnes". Eg har nettopp fått kontakt med NRK om prosjektet. Filmen skal vera ferdig produsert 15. februar 2011.		

**2. Søknadsbeløp**

Det vert søkt om:	Lån kr:	
	Tilskot kr:	75 000,-
Har verksemda tidlegare motteke lån og/eller tilskot frå kraftfondet	Ja <input checked="" type="checkbox"/>	Nei <input type="checkbox"/>

**3. Eigartilhøve/ leing**

Personleg selskap <input checked="" type="checkbox"/>
Leiinga i verksemda:
Magne Helge Sleire, 51 år. Arbeida med film sidan 1989.

**4. Søknadsprosjekt**

Investeringa/ prosjektet totale kostnader kr.	551.000
Kort begrunning for investeringa/ prosjektet:	
Produksjonen av TV film med førebels tittel, "Fiskarbonden Erik Riisnes". Produksjonen skal lagast for NRK for visning etter 15. februar 2011. Det er viktig for prosjektet at filmen blir fullfinansiert. Det vil også gje moglegheit for at Masfjorden vil kunne bli proffilert på ein best mogleg måte i beste sendetid på NRK. Årsaka til at søknaden kjem seint er at NRK gav beskjed munnleg 25. august 2010 om at kontrakten var klar. NRK vil og ha den raskt produsert med ferdigstillelse 15. februar 2011.	

**6. Finansieringsplan**

<b>Kredittinstitusjon</b>	<b>Beløp</b>	
NRK	300 000	kr
Vestnorsk Filmsenter / Fond for lyd og bilde	176 000	kr
Masfjorden kommune	75 000	kr
Eigenkapital	-	kr
<b>SUM finansiering</b>	<b>551 000</b>	

**Bakgrunn for prosjektet::**

For nokre tiår sidan var yrke som fiskarbondede ein svært vanleg yrkestittel langs store delar av kyst - Noreg. I dag er det svært få som kan smykke seg med denne tittelen. Erik Riisnes, som er busett i Masfjorden, eit stykke innanfor oljeraffineriet på Mongstad. Han driv eit lite småbruk med sau og mjølkeproduksjon. I tillegg driv han yrkesfiske med sin 27 fots sjark. Torskfiske om vinteren, og sei og langefiske vår og sommar. Om hausten driv han med krabbefiske, og sel dei på fisketorget i Bergen kvar laurdag, frå byrjinga av august til ut i oktober.

**Prosjektet::**

Ved innløpet til Fensfjorden, rett forbi oljeraffineriet på Mongstad, dreg den einsame fiskaren Erik Riisnes sine garn og krabbeteiner. Kontrasten er stor til oljetankar på land og supertankarar som stadig passerer forbi Erik sin vesle sjark.

Før Erik entrar båten har han vore i fjøsen for å føre kyr, sau, hest og gris. Minstejenta, Frida på 15 år er ofte med. Ho stortrivst med dyra på garden, og når krabbefiskinga byrjar, er Frida med både på sjøen og på torget i Bergen.

Kattuglene som hekker i det 400 år gamle asketuntreet har Frida og Erik også eit spesielt forhold til. Dei er som ein del av dyra på garden.

På sjøen er Erik stort sett aleine, men dei siste åra har det dukka opp konkurrentar: tyske fisketuristar. Han er ikkje særleg begeistra for dei nye konkurrentane. Han får ofte fiskereiskapane til dei tyske fisketuristane i garna sine.

Som mjølebonde er han også svært aleine. Det minkar raskt på mjølkeproduksjonen i regionen, men som fiskebonde er det berre Erik igjen.

Me vil lage ein personleg film om Erik sitt no unike tilvære som fiskarbonden. Her vil me få med dei flotte kulissane som Masfjorden har å by på både når han er på sjøen og fiskar og i Matrefjella på sauesanking.

### Budsjett Fiskarbonden

Forarbeid	6 dagar	15 000
Manus	6 dagar	15 000
Opptak	30 dagar	150 000
Regissør	23 dagar	57 000
Redigering	30 dagar	160 000
Etterarbeid lyd	5 dagar	15 000
Musikk		12 000
Rekneskap	2 dagar	7 000
Hardisker		5 000
Reise / transport		35 000
Produsent	8 dagar	24 000
Revisjon		6 000
Uforutsette utgifter		50 000
<b>Total</b>		<b>551 000</b>

<b>Finansiering,</b>		<b>Fiskarbonden</b>		<b>Beløp</b>	
				300	
	NRK	000		Kr	
				100	
	Vestnorsk Filmsenter	000		Kr	
				76	
	Fond for lyd og bilde	000		Kr	
				75	
Det vert søkt om kommune med 75.000	Masfjorden kommune	000		Kr	støtte frå Masfjorden gjennom kraftfondet
<b>Total</b>				<b>551 000</b>	<b>Kr</b>



til filmprosjekt som er med på å fullfinansiere prosjektet. Når det gjeld omsøkte prosjekt – er det snakk om produksjon av film, noko som er å sjå på som løpande drift for verksemda til søkjar, – og dermed eit tiltak kraftfondet ikkje kan gje tilskot til jf. 3 og 5. ledd § 2 i vedtektene for kraftfondet.

## § 2 Føremål

Kraftfondet skal i hovudsak nyttast til næringsføremål. Fondet kan og nyttast til kommunale tiltak som tryggjer og aukar busetnaden i Masfjorden kommune.

Prosjekt som har til føremål å betra vilkåra for sysselsetjing av ungdom og kvinner bør prioriterast.

Det kan ikkje gjevast stønad til sanering av gjeld eller til den daglege drifta av verksemder og kommunen.

Verksemder som mottar vesentleg overføringar frå statsbudsjettet bør ikkje prioriterast.

Fondet's midlar kan berre nyttast til investeringar i varige driftsmidlar.

Søkjar har tidlegare motteke støtte gjennom kraftfondet til produksjonsutstyr (125.000) og til bedriftsutvikling (40.000), + støtte til andre selskap han har hatt/vore med i. Prosjektet er av ein slik karakter at kultur (fylkeskommunen) og fiske (Fylkesmannen) ville ha vore relevante instansar å kontakte med evt. støtte utover dei som allereie er inne på finansieringssida. Kraftfondet fell klart utafør- og evt. tilskot gjennom kraftfondet til dette prosjektet vil opne for andre søknader relatert til driftsmessige forhold. Ein tilrår difor at det ikkje vert gjeve støtte gjennom kraftfondet til filmprosjektet "fiskarbonden Erik Riisnes". Dersom ein politisk ønskjer å gje støtte til filmprosjektet, vil ein heller tilrå at ein ser på disposisjonsfond drift – kultur og unytta midlar her, og evt. tildeler prosjektet midlar av det fondet.

## KONKLUSJON

Ein tilrår difor at det ikkje vert gjeve støtte gjennom kraftfondet til filmprosjektet "fiskarbonden Erik Riisnes" då ein anser prosjektet som driftsmessig forhold sett i forhold til søkjar sitt virkeområde og dermed i strid med § 2, 3 og 5.ledd i vedtektene for kraftfondet. Ein tilrår at evt. støtte vert knytt til disposisjonsfond drift – kultur.

### **Nye opplysningar i saka:**

Filmprosjektet "Fiskarbonden Erik Riisnes" er viktig som dokumentasjon av dagleglivet til ei yrkesgruppe som det er få att av, men som tidlegare var talrik her i fjorden. Kombinasjonen jordbruk/fiske var i hundreår levemåten til masfjordingane.

Det vil vera naturleg å bruka midlar frå kulturområdet som støtte til prosjektet. Med å bruka kr 10000 frå ekstraordinære kulturmidlar og kr 15000 frå disposisjonsfond kultur, kan ein støtta prosjektet med i alt kr 25000.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kraftfondsstyret	14.09.2010	017/10	Svein Helge Hofslundsengen
Kommunestyret	23.09.2010	072/10	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-105.1	Arkivsaknr.: 10/272
----------------	---------------------

### SAK 072/10 - SØKNAD OM TILSKOT FRÅ KRAFTFONDET - TIL OPPSTART AV SOLSTUDIO PÅ HOSTELAND – MARIANNE BERGE KVAMSDAL

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. ”Mariannes Sol” v/Marianne Berge Kvamsdal får ikkje tilskot gjennom kraftfondet til omsøkte tiltak.
2. Vedtaket kan etter forvaltningslova § 28 påklagast. Klagefrist er 3 veker.

#### Finansiering

Bruk av kraftfondet, (balansekonto 2.5700.001 i kommunerekneskapen)

#### Heimel

Vedtektene og retningslinene for kraftfondet

#### KRFT-017/10 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

1. ”Mariannes Sol” v/Marianne Berge Kvamsdal får tilskot gjennom kraftfondet til omsøkte tiltak med kr. 50.000,-.
2. Kostnader er dokumentert, og tilskot vert utbetalt omgåande
3. Vedtaket kan etter forvaltningslova § 28 påklagast. Klagefrist er 3 veker.

#### Det skjedde i Kraftfondsstyret den 14.09.2010:

Saka vart debattert.

Endra framlegg til vedtak;

1. ”Mariannes Sol” v/Marianne Berge Kvamsdal får tilskot gjennom kraftfondet til omsøkte tiltak med kr. 50.000,-.

2. **Kostnader er dokumentert, og tilskot vert utbetalt omgåande**
3. **Vedtaket kan etter forvaltningslova § 28 påklagast. Klagefrist er 3 veker.**

Endringsframlegget vart tilrådd samrøystes.

## **KS-072/10 VEDTAK:**

1. **”Mariannes Sol” v/Marianne Berge Kvamsdal får tilskot gjennom kraftfondet til omsøkte tiltak med kr. 50.000,-.**
2. **Kostnader er dokumentert, og tilskot vert utbetalt omgåande**
3. **Vedtaket kan etter forvaltningslova § 28 påklagast. Klagefrist er 3 veker.**

### **Det skjedde i Kommunestyret den 23.09.2010:**

Tilrådinga frå kraftfondsstyret vart samrøystes vedteke.

## **SAKSTILFANG:**

<b>Nr</b>	<b>T</b>	<b>Brevdato</b>	<b>Avsendar/Mottakar</b>	<b>Tittel</b>
1	I	13.04.2010	Marianne Berge Kvamsdal	Søknad om tilskot frå kraftfondet
2	U	03.05.2010	Marianne Berge Kvamsdal	Vedk. søknad om tilskot frå kraftfondet
4	I	25.05.2010	Marianne Berge Kvamsdal	Søknad om tilskot frå kraftfondet til solstudio på Hosteland
5	I	15.08.2010	Marianne Berge Kvamsdal	Søknad om tilskot frå kraftfondet

## **SAKSUTGREIING:**

### **BAKGRUNN**

Den 12.4.2010 fekk kommunen søknad om støtte gjennom kraftfondet til selskapet ”Mariannes Sol” skipa av Marianne Berge Kvamsdal, og oppdatering av søknaden som kommunen fekk i hende 25.mai 2010. Det vert søkt om kr. 40.000,- i bedriftsutvikling og 25% av investeringane mine → kr. 51.029,-.

## HØYRING

### «Sdo\_Tittel»

Den 3.mai 2010 gir sakshandsamar ei stadfesting på mottak av søknad – tenkt framdrift og ba om tilleggsopplysningar.

Viser til søknad datert 12.04.2010, og stadfester med dette mottak av søknaden din.

Søknaden kom for seint til å kunne bli teke med under møte til kraftfondsstyret 20.04.2010.

Ei sak frå kraftfondsstyret 20.04.2010 vart utsett, og dette forholdet, samt din søknad og ei anna sak gjer at det vert ekstra møte 19.mai 2010.

Saka di vert teken opp då, 19.mai – og om det vert avgjerd i kraftfondstyret, kjem ann på kva sum du søkjer om støtte på, søknader om støtte utover 50.000,-, må opp i Kommunestyret – som då kan skje 27.mai 2010.

For å kunne handsama søknaden din i mai, må du fylle ut standardisert søknadsskjema for kraftfondet – vedlegg søknadsskjema + at du finn den på kommunen si heimeside, kor du kan laste ned skjema, og sende det inn elektronisk. Sakspapira til møte 19.mai, må ut seinast 12.mai, og ein treng litt tid på handsaming av søknaden, ber difor om snarleg innsending av søknadsskjema og helst innan 7.mai.

Oppdatert søknad kom 25.mai, (samt ytterlegare oppdateringar av 15.aug.). Det har vore fleire dialogar og kontaktar med representant for søkjar, slik at dette forholdet er gjort i samråd mellom søkjar og kommune.

## **FAKTA**

**1. Lånsøklar**

Namn: Marianne Berge Kvamsdal		
Adresse: Areklettveien 5986 Hosteland		
Kontaktperson: Marianne B. Kvamsdal		Tlf: 98 24 85 69
Bransje: Solstudio	Etableringsår: 2010	Antall tilsette: 1
Føretaksnr., eventuelt personnr. 9 (11) siffer:		995 306 398
Kort beskriving av verksemda:		
Sjå vedlegg		

**2. Søknadsbeløp**

Det vert søkt om:	Lån kr:	
	Tilskot kr:	91 029,-

**3. Eigartilhøve/ leing**

Personleg selskap	<input checked="" type="checkbox"/>
-------------------	-------------------------------------

**4. Søknadsprosjekt**

Investeringa/ prosjektet totale kostnader kr.	204 115, 75
Kort begrunning for investeringa/ prosjektet:	
Sjå vedlegg	

Vedlegga er teke inn i saksutgreiinga.

Pkt. 6 – finansieringsplan, tiltak basert på privat lån til drifta.

Forhold som vedkjem pkt. 8-10 i søknadsskjema;

Sum inntekter vert kalkulert til 46.800,- første år, omsetjing på 3.900 i snitt pr. måned.

Sum utgifter, vask av lokala, papir/reingjeringsmiddel, straum, div. vedlikehald er kalkulert til kr. 34.400,-.

Selskapet ”Mariannes Sol” er skipa av Marianne Berge Kvamsdal. Ho har starta eit einmannsføretak ”Mariannes Sol”, org. nr. 995 306 398. Selskapet er registert i einingsregisteret 18.03.2010. Dette solstudioet har eg starta, då det ikkje er noko tilbod av denne typen, verken i Masfjorden eller Gulen. Eg flytta frå Bergen til Masfjorden for ca. 2 år sidan, og har då sakna solstudioet som var i nærleiken av min gamle bustad i Bergen.

Solstudioet er eit tilbod som me bør ha i Masfjorden. Fornuftig bruk av sol, er sunt for kroppen og tilfører mykje vitamin D. I tillegg er det nokre forskarar som meiner det kan vera med på å hindre indre typar kreft. Det er også bra å ha eit grunnlag før ein reiser sørover, slik at ein unngår å bli brent.

Eit eksempel frå mine erfaringar:

Min mann har aldri vore plaga med sola, aldri blitt lett brent, og aldri fått noko soleksem. For 4 år sidan reiste me til Syden, som me hadde gjort fleire gongar tidlegare, og me skulle vera der i 14 dagar. Turen blei raskt øydelagd, då min mann plutsleg fekk store utbrot av soleksem. Dette var så plagsamt, at han måtte vera inne når sola var oppe, og kunne dermed berre gå ut om kvelden, dette etter henvisning frå lege.

Etter dette utbrotet sleit han med soleksem i 2 år, før han fekk høre at det kunne hjelpe å ta solarium. Han byrja då å ta sol ca. 1 gong per veke, og resultatet blei at han tålte sola mykje betre enn før. Den dag i dag er plagene borte.

Litt om solstudioet:

Når eg først skulle starte solstudio, skulle det gjerast skikkeleg. Har då pussa opp nye lokale, investert i skikkeleg ”proffe” solsenger som eg kjøpte av Brun og Blid. Eg har sett opp produktautomat med sal av forskjelleg anbefalte solkremer for solarium, samt briller for beskyttelse av auga. I tillegg til at ein kan bruke kontantar på solariumet har eg og investert i solkort, som gjev 20 % avslag på soletid.

Solstudioet starta 01.03.2010, og eg har allereie fått mykje god kritikk for å ha starta dette, for det er tydleg noko som har vore sakna her inne.

Eg håper å få støtte av dykk, då dette har blitt svært dyrt. Eg har nyleg etablert meg i Masfjorden og bygd nytt hus, og har då eigentleg ikkje råd til dette, men skulle eg først starte solstudio, skulle det gjerast skikkeleg.

Totale kostnader ved etablering av solstudioet er kr. 204 155,75 → Legg ved dokumentasjon på alle utgifter;

	Netto	mva	Sum
Rekning 1	48 740,00	12 185,00	60 925,00
Rekning 2	18 614,00	4 653,50	23 267,50
Rekning 3	33 060,00	8 265,00	41 325,00
Rekning 4	23 682,00	5 920,50	29 602,50
Rekning 5	2 680,00	670,00	3 350,00
Rekning 6	7 300,00	1 825,00	9 125,00
Rekning 7	29 217,00	7 304,25	36 521,25
SUM	163 293,00	40 823,25	204 116,25

Det vert søkt om kr. 40.000,- i bedriftsutvikling og 25% av investeringane mine → kr. 51.029,-.

## VURDERING

Det vert søkt om både støtte til bedriftsutvikling kr. 40.000,- og investeringar, 25% av investeringane → kr. 51.029,-, dvs. både og – medan tanken bak vedtektene og retningslinene er anten eller jf. § 5 i vedtektene.

Beløpsgrenser for støtte gjennom kraftfondet (jf. § 2 i retningslinene):

- \* Bedriftsutvikling kr. 40.000,-
- \* Investeringar kr. 200.000,-

Ramme til støtte til næringslivet er halvert frå og med 2009. Dette inneber at ein må sette strengare krav til kva prosjekt ein gjev støtte til. Dei seinare år har dei fleste søknader fått innvilga støtte. Denne praksis må endrast og prosjekt som gjev utvikling prioriterast. Viser i den samanheng og til kartlegging etter støtte frå kraftfondet, med dårleg respons/svar.

Omsøkte prosjekt inneber ikkje nokon form for næringsutvikling, men utviding av tilbod i kommunen. Etableringa er finansiert med privat lån, og forventa inntjening første år netto er kalkulert til kr. 12.400,-. Tiltaket er kostnadskrevjande, og med den omsetjing/inntjening som søkjar legg fram, vil ikkje dette vere noko lønnsamt tiltak.

Legg ein til grunn praksis fram til og med 2008, ville det ha vore naturleg ut i frå søknadssum og kva som har vore vanleg praksis og nivå på tilskot gjennom kraftfondet. Normalt sett (ut i frå saker siste åra) ville ein ha tenkt på støtte med inntil kr. 40.000,- i forhold til etablering av ny verksemd/bedriftsutvikling, og med vekt på kvinnearbeidsplassar.

Administrasjonen la opp til ei innstramming av kva prosjekt som ein burde gi støtte til (frå og med 2009) med omsyn til halvering av midlar til næringsføremål og at ein har på gong ein del samfunnsprosjekt (under pilot med kommunal finansieringsdel i stor grad vert henta frå kraftfondet), bruprosjekt, støtte til bustadetablering etc., prioriterer ein slike prosjekt framfor private prosjekt som har lite næringsutvikling i seg.



Dersom ein politisk ønskjer å gje støtte til prosjektet, vil ein tilrå følgjande utforming av vedtak;

- 1. ”Mariannes Sol” v/Marianne Berge Kvamsdal får tilskot gjennom kraftfondet til omsøkte tiltak med kr. x**
- 2. Kostnader er dokumentert, og tilskotet vert utbetalt omgåande**
- 3. Vedtaket kan etter forvaltningslova § 28 påklagast. Klagefrist er 3 veker.**

## KONKLUSJON

Rådmann tilrår at det ikkje vert gitt tilskot til omsøkte prosjekt frå selskapet Marianne sol gjennom kraftfondet.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kraftfondsstyret	14.09.2010	018/10	Svein Helge Hofslundsengen
Kommunestyret	23.09.2010	073/10	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-105.1	Arkivsaknr.: 10/458
----------------	---------------------

### SAK 073/10 - SØKNAD OM LÅN OG TILSKOT FRÅ KRAFTFONDET TIL UTBYGGING AV HAUGSVÆRTUNET

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Haugsværtunet as får tildelt eit lån på kr. 150.000,- gjennom kraftfondet
2. Lånet skal sikrast med pant i eigedom
3. Frist for å nytte lånet er 23.09.2012.
4. Vedtaket kan etter forvaltningslova § 28 påklagast. Klagefrist er 3 veker.

#### **Finansiering**

Bruk av kraftfondet, (balansekonto 2.5700.001 i kommunerekneskapen)

#### **Heimel**

Vedtektene og retningslinene for kraftfondet

#### **Utskrift til:**

Haugsværtunet as, v/Bjørn Egil Nordland

#### **KRFT-018/10 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:**

1. Haugsværtunet as får tildelt eit lån på kr. 150.000,- gjennom kraftfondet
2. Lånet skal sikrast med pant i eigedom.
3. Frist for å nytte lånet er 23.09.2012.
4. Vedtaket kan etter forvaltningslova § 28 påklagast. Klagefrist er 3 veker.

#### **Det skjedde i Kraftfondsstyret den 14.09.2010:**

Saka vart drøfta. Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd overfor Kommunestyret.



**KS-073/10 VEDTAK:**

1. **Haugsværtunet AS får tildelt eit lån på kr. 150.000,- gjennom kraftfondet**
2. **Lånet skal sikrast med pant i eigedom.**
3. **Frist for å nytte lånet er 23.09.2012.**
4. **Vedtaket kan etter forvaltningslova § 28 påklagast. Klagefrist er 3 veker.**

**Det skjedde i Kommunestyret den 23.09.2010:**

Bjørn Egil Nordland sa seg ugild i denne saka sidan han er styreleiar i Haugsværtunet AS. Samrøystes kjent ugild.

Torfinn Aga sa seg og ugild sidan han er styremedlem i Haugsværtunet AS. Samrøystes kjent ugild.

Wenke Ekren spurde om ho var ugild sidan ho er rekneskapsførar. Ekren vart samrøystes kjent gild.

Det var no 14 representantar tilstades i møtet.

Liv Oda Dale, Ap, sa at ho har etterlyst ein gjennomgang av vedtektene og retningsliner for kraftfondet. Det blir litt tilfeldig saksbehandling når administrasjonen innstiller i tråd med desse og kommunestyret gjer eit anna vedtak. Det blir lite forutsigbart for søkjarane og kan føre til forskjellsbehandling. Kommunestyret bør forplikte seg meir på det som er bestemt i vedtekter og retningsliner.

Ordførar orienterte og sa at vedtektene ligg ute på nettet. Vedtektene kjem til revisjon att i løpet av hausten.

**Tilrådinga frå kraftfondsstyret vart samrøystes vedteke.**

**SAKSTILFANG:**

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	13.06.2010	Styreleiar i Haugsværtunet AS Bjørn Egil Nordland	Søknad om støtte og lån frå kraftfondet

**SAKSUTGREIING:****BAKGRUNN**

Haugsværtunet søker om 100.000 i tilskot og 150.000 i lån gjennom kraftfondet

**FAKTA****Søknad om lån/ tilskot frå kraftfondet**

1. Lånsøklar		
Namn: Haugsværtunet AS		
Adresse: Haugsværtunet		
Kontaktperson: Bjørn Egil Nordland		Telefon: 95 74 64 90
Bransje: Næringsbygg	Etableringsår: 1982	Antall tilsette: 0
Foretaksnummer, eventuelt personnummer, 9(11) siffer:		933243966
<u>Kort skildring av verksemda:</u> Haugsværtunet AS er eit eigeidomsselskap som vart etablert og bygd på dugnad av innbyggjarane i Haugsværbygda i 1982 for å huse butikklokale for ein daglegvarebutikk. Frå starten og fram til i dag har ulike daglegvarehandlarar vore leigetakarar i bygget. I dag blir butikklokale leigd av Matre handle (Joker Haugsvær). I tillegg leiger ein ut lokale til frisør (Veronica ' s hårdesign) og toalettanlegg til rasteplass (Statens vegvesen)		
2. Søknadsbeløp		
Det blir søkt om:	Lån kr.	150 000,-
	Tilskot kr.	100 000,-
Lån og tilskot til utbygging av næringslokale		

3. Søknadsføremål	
Bygningsmessige investeringar:	Maskiner/driftstilbehør:
Produktutvikling:	Marknadsføring:

×

×

### 5. Søknadsprosjekt

Investeringa/ prosjektet totale kostnad kr.	1 100 000,-	(Spesifisert kostnadsoverslag må vedleggast søknaden)
<p><u>Kort grunngjeving for investeringa/ prosjektet:</u>  Haugsværtunet leiger i dag ut lokale til Matre handel (Joker Haugsvær). Butikken har den siste tida hatt ein stor omsetningsvekst og treng av den grunn større lokale for å kunne gje innbyggjarane eit tilfredstillande butikktilbod. Me ynskjer å utvide både sjølve butikkdelen og lagerrommet. Slik det har vore ei tid no, har ein ikkje hatt høve til å ta inn så mykje varer som etterspurnaden tilseier på grunn av manglande lagerrom. Kostnadsoverslaget er basert på anbod frå Valde bygg som skal utføra arbeidet med tilbygget. Prosjektet er klart til oppstart så snart me får byggjeløyve. Etter ei utviding reknar Matre handel med å kunne tilsetje minst ein person ekstra i full stilling i butikken. Stønad frå kraftfondet, vil gje rom for vidare utvikling av resten av bygget. Me har i dag interessentar til utleige av meir av bygget.</p>		

### 6. Finansieringsplan

KREDITTINSTITUSJON (spesifiser)	Beløp:
Masfjorden kommune, kraftfondet	kr. 250 000,-
Sparebanken Sogn og fjordane	kr. 750 000,-
<b>EIGENKAPITAL (spesifiser)</b>	
Kontantinnskot	kr 100 000
Eigne materialar	kr
Eige arbeid	kr
”Over drifta”	kr
<b>SUM EIGENKAPITAL</b>	<b>kr. 100 000</b>
<b>TOTAL SUM FINANSIERING</b>	<b>kr. 1 100 000</b>



47

5 feste 4

Når lånet skal sikrast med pant, oppgje noverande hefte på pantet:

### 8. Økonomi

- Rekneskap, årsmelding og revisjonsmelding for dei siste 3 åra
- Eigne kommentarar til oppnådde resultat, økonomisk stilling og likviditet
- Investeringar/ påkostningar ført over drifta dei siste 3 åra

### 9. Framtidig drift

- Budsjett for drifta etter at investeringa er gjennomført
- Ved nyetableringar må det vedleggast driftsbudsjett for minimum 1 år

### 10. Sal/ marknaden til verksemda

- Verksemda sine viktigaste kundegrupper (r)
- Marknadsføringstiltak
- Viktigaste konkurrentar

## Årsmelding 2009 – Haugsværtunet AS

Verksemda si art og kvar ho vert driven

Haugsværtunet AS eig eit forretningsbygg på Haugsvær. Bygget vert utleigd til ulike butikkar. Ein leiger dessutan ut toalettanlegg/ raste plass til Masfjorden kommune og Statens vegvesen. Nærbutikkane Haugsvær AS er avvikla i 2009.

#### Rettvisande oversikt

Driftsinntektene er auka i 2009 til kr. 156 991, 15. Årsresultatet er positivt med 876, 31.

Leigeinntektene frå butikk og frisør er no stabile.

Det er inga langsiktig gjeld enn aksjonærgjelda.

Styret meiner at informasjonen gitt her i årsberetninga gir ein rettvisande oversikt over eigendelar og gjeld, finansiell stilling, utvikling og resultat.

#### Framleis drift

Føresetnaden om framleis drift er tilstades og årsrekneskapen for 2009 er sett opp under denne føresetnaden.

#### Arbeidsmiljø:

Det er ingen tilsette i selskapet.

#### Ytre miljø

Selskapet si verksemd påverkar ikkje det ytre miljøet i større grad enn det som er vanleg i egedomsbransjen. Tilhøva ved rasteplassen er gode. Ein legg vekt på at turistar ikkje forsøplar området, og at ein kvittar seg med avfall på lovleg vis.

## **Resultatregnskap**



	Note	2009	2008
<b>Driftsinntekter</b>			
Anna driftsinntekt		156 992	116 852
<b>Driftskostnader</b>			
Lønnskostnad	3	-	372
Avskrivning	6	54 000	54 000
Anna driftskostnad	3	106 686	140 015
Sum driftskostnader		160 686	194 387
Driftsresultat		(3 694)	(77 535)
<b>Finansinntekter og finanskostnader</b>			
Anna finansinntekt		1 732	9 568
Nedskrivning av finansielle eigendelar		-	108 395
Netto finansposter		1 732	(98 827)
Ordinært resultat før skattekostnad		(1 962)	(176 362)
Skattekostnad på ordinært resultat		(2 838)	-
<b>Årsresultat</b>		876	(176 362)
<b>Overføringer og disponeringar</b>			
Overføringer anna eigenkapital		876	(176 362)

Balanse pr. 31. desember	Note	2 009	2 008
<b>Anleggsmidler</b>			
<i>Varige driftsmidler</i>			
Tomter, bygningar og anna fast eigedom	6	96 000	150 000
Sum varige driftsmidler		96 000	150 000
Sum anleggsmidler		96 000	150 000
<b>Omlaupsmidler</b>			
<i>Fordringar</i>			
Kundefordringar		-	34 533
Andre fordringar		38 953	27 528
Sum fordringar		38 953	62 061
Bankinnskudd, kontanter og liknande		259 986	223 515
Sum omlaupsmidler		298 939	285 576
Sum eigendelar		394 939	435 576

Balanse pr. 31. desember	Note	2 009	2 008
<b>Eigenkapital</b>			
<i>Innskote eigenkapital</i>			
Aksjekapital	2,7	441 700	441 700
Sum innskote eigenkapital		441 700	441 700
<i>Opptent eigenkapital</i>			
Anna eigenkapital	7	(231 805)	(232 681)
Sum opptent eigenkapital		(231 805)	(232 681)
Sum eigenkapital		209 895	209 019
<b>Gjeld</b>			
<i>Anna langsiktig gjeld</i>			
Øvrig langsiktig gjeld	4	175 604	175 604
Sum anna langsiktig gjeld		175 604	175 604
<i>Kortsiktig gjeld</i>			
Leverandørgjeld		4 541	1 574
Betalbar skatt	8	4 899	-
Anna kortsiktig gjeld		-	49 379
Sum kortsiktig gjeld		9 440	50 953
Sum gjeld		185 044	226 557
Sum eigenkapital og gjeld		394 939	435 576

## Noter til rekneskapen for 2009

**Note 2 – Aksjekapital og aksjonærinformasjon**

Aksjekapitalen består av:

	<b>Antall</b>	<b>Pålydande</b>	<b>Balanseført</b>
Ordinære aksjar:	4 417	100	441 700

Oversikta viser alle aksjonærer med eigarandel < 5 %. Andre aksjonærer eig 3.409 aksjar. Styreleiar Bjørn E. Nordland har 115 aksjar (2,6%). Nestleiar Asbjørn Kvamsdal har 117 aksjar (2,65%). Jon O. Sletten har 125 aksjar (2,83%).

Oversikt over aksjonærer med eigarandel > 5 % i selskapet pr. 31.12:

	<b>Ordinære aksjar:</b>	<b>Eigarandel:</b>
Arvid Bjarne Vågseth	564	12,77%
Asbjørn Vågseth	444	10,05%
<b>Sum</b>	<b>1008</b>	<b>22,82%</b>

**Note 3 – Lønnskostnader, antall tilsette , lån til tilsette og godtgjersle til revisor**

Selskapet har i rekneskapsåret sysselsett totalt 0 årsverk.

Selskapet har ikkje betalt styregodtgjersle i 2008.

*Yting til leiande personar*

Selskapet har ingen tilsette og har ikkje utbetalt godtgjersle til styret.

*Godtgjersle til revisor er fordelt på følgjande:*

	<b>2009</b>
Revisjon	10 000
Andre tenester	6 000

Meirverdiavgift er ikkje inkludert i revisorhonoraret.

**Note 4 – Fordringar og gjeld**

	<b>2009</b>	<b>2008</b>
Lån frå aksjonærer	- 175 604	- 175 604
	<b>2009</b>	<b>2008</b>
Andre fordringar	26 829	23 495

Det blir ikkje betalt renter eller avdrag på låna frå aksjonær.

**Note 6 – Varige driftsmidlar**

	<b>Forr bygg</b>	<b>Tilbygg anlegg</b>	<b>Driftsløsoere, inventar, verktoy m.m.</b>	<b>Sum</b>
Anskaffelseskost 01.01.2009	829 202	536 830	125 430	1 491 462

Anskaffelseskost 31.12.2009	829 202	536 830	125 430	1 491 462
Akk. Avskrivning 31.12.2009	(827 202)	(442 830)	(125 430)	(1 395 462)
Balanseført pr. 31.12.2009	2 000	94 000	-	96 000
Årets avskrivningar	33 000	21 000	-	54 000
Økonomisk levetid	4 %	4 %	10 år	
Avskrivningsplan	Linær	Linær	Linær	

## Note 7 – Eigenkapital

	Aksjekapital	Anna eigenkapital	Sum
Eigenkapital 01.01.2009	441 700	(232 681)	209 019
Årsresultat	-	878	878
Eigenkapital 31.12.2009	441 700	(231 803)	209 897

## Haugsværtunet AS

	Rekneskap	Rekneskap	Budsjett	Budsjett
Resultatrekneskap	2008	2009	2010	2011
Driftsinntekter	117	157	157	262
Lønnskostnad	0	0	0	0
Anna driftskostnad	140	107	120	120
Avskrivning	54	54		
Avdrag lån				44
Sum driftskostnader	194	161	120	164
<b>Driftsresultat</b>	<b>-77</b>	<b>-4</b>	<b>37</b>	<b>98</b>
Finansinntekt	9	2	2	1
Nedskrivning fin.				
Eignelutar	108	0		0
Rentekostnader			25	60
Netto finanspostar	-99	-2	-23	-59
<b>Årsresultat før skatt</b>	<b>-176</b>	<b>-2</b>	<b>14</b>	<b>39</b>

Føresetnader:

Budsjettert med betalbare kostnader = avdrag, ikkje avskrivning

2011 alt 1: Rente 5,95%. 2011 alt 2: rente 10%

Serielån kr 1 100' 25 år nedbetaling

Rentekostnader byggjelån:  $(kr\ 1.100.000 / 2 \times 9,25\ \% \times 6/12)$

## VURDERING

Tiltaket er i tråd med det overordna målet med kraftfondet, som er å bidra til sikring og vidareutvikle eksisterande verksemder, fremja etablering av nye verksemder og å sikra og auka busetnaden i kommunen.

Det vert søkt om kr. 250.000 i støtte gjennom kraftfondet, fordelt med 150.000 i lån og 100.000 i tilskot. Ut i frå løyvingar i andre samanliknbare søknader, tilrår ein at lånedelen vert innfridd og tilskotsdelen avslått. Årets ramme for tildeling av støtte gjennom kraftfondet, er nesten brukt opp før 1. hovudtildeling – men kraftfondet har ein del år bak seg kor midlane ikkje er brukt opp, slik at ein har akkumulert midlar som ein tilrår vert nytta på søknader utover hausten 2010. Ein tilrår difor at selskapet i tråd med søknaden, får innvilga den delen som gjeld lån.

## KONKLUSJON

Ein tilrår at Haugsværtunet as får tilsagn om eit lån med kr. 150.000,- gjennom kraftfondet.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	14.09.2010	073/10	Olaf Mørch
Kommunestyret	23.09.2010	074/10	Lovisa Midtbø

Arkiv: N-563.2, N-56	Arkivsaknr.: 08/814
----------------------	---------------------

### SAK 074/10 - KOMMUNALE VEGAR - VURDERING AV NY STATUS - OPPSUMMERING ETTER HØYRING

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommunestyre har gjennomgått innstilling og innspel i saka som gjeld vurdering av kommunale vegar.

Masfjorden kommunestyre har følgjande merknader:

Masfjorden kommunestyre bed rådmannen ferdigstilla saka til endeleg handsaming i kommunestyre innan utgangen av året.

#### Finansiering

#### Heimel

#### FS-073/10 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Masfjorden kommunestyre har gjennomgått innstilling og innspel i saka som gjeld vurdering av kommunale vegar.

Masfjorden kommunestyre har følgjande merknader:

Masfjorden kommunestyre bed rådmannen ferdigstilla saka til endeleg handsaming i kommunestyre innan utgangen av året.

#### Det skjedde i Formannskapet den 14.09.2010:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**KS-074/10 VEDTAK:**

**Masfjorden kommunestyre har gjennomgått innstilling og innspel i saka som gjeld vurdering av kommunale vegar.**

**Masfjorden kommunestyre bed rådmannen i lag med reopnemnt politisk arbeidsgruppe ferdigstilla saka til endeleg handsaming i kommunestyret.**

**Det skjedde i Kommunestyret den 23.09.2010:**

Det vart delt ut to innspel frå Ørjan Daae dagsett i 2006 og var i eiga sak. Daae har bede om at desse innspela vart teke med i denne saka.

Ordførar orienterte om saka.

Veggruppa som var oppnemnt av kommunestyret var:  
Willy Borge, Karstein Totland og Terje Sætre.

Mandatet til arbeidsgruppa var:

- Gå gjennom status for alle kommunale vegar
- Vurdera om det er kommunale vegar som skal/bør overførast til private
- Vurdera kva private vegar som skal få tilskot frå kommunen til vedlikehald

Frist for å vera ferdig med arbeidet var sett til 31.05.08.

Kommunestyret drøfta no saka.

**Willy Borge, Frp**, leiar i arbeidsgruppa (veggruppa) orienterte om arbeidet til gruppa og sa at dei køyrde/hadde synfaring rundt i heile kommunen og såg på alle vegar som er på lista.

Han sa at det er mange spørsmål å ta stilling til i denne saka. Kommunen må ofra noko for å oppretthalda og få nye innbyggjarar. Han kasta og fram spørsmålet om kva gevinsten ville vera for kommunen dersom ein måtte kjøpa inn juridisk bistand i denne saka.

**Utdrag frå drøftinga:**

- Avtalar som er gjort med grunneigar må finnast fram
- Kva med munnlege avtalar som er gjort for lenge sidan?
- Kva med det juridiske i denne saka?
- Kva med likskapsprinsippet?
- Det er mange fastbuande som har lang veg som dei sjølv må kosta både brøyting og vedlikehald på.
- Kaiar rundt i kommunen som er private – med kommunal veg til kaien – skal dei bli kommunale der kommunen tek vedlikehald osv.
- Kva er eigentleg ein kommunal veg? Er det ein veg der kommunen eig grunnen? Eller har berre kommunen teke på seg vedlikehald og brøyting ein gong i tida?
- Er det sjølv sagt at kommunale bustadfelt skal ha brøyting og vedlikehald til døra og at dei som bur ute i distrikta skal kosta dette sjølv?
- Det vart spurd om kva som er skildnaden på ein kommunal veg der kommunen tek både vedlikehald og brøyting og på ein veg som vert overført til private der og kommunen skal ta vedlikehald og brøyting.
- Det er viktig å få på plass kriteria og så plassera vegane etter dette.
- Vegen ned til Kvingekaien var ikkje komen med på lista

**Liv Oda Dale, Ap**, sette fram eit oversendingsforslag som skal fylgja saka vidare:

*Vegen til det nye byggjefeltet på Haugsvær må vurderast i det vidare arbeidet med saka både når det gjeld brøyting/vedlikehald og eventuell overtaking.*

Dale sa et det er viktig at kommunestyret gjev innspel på dei kriteria som veggruppa har kome med og at dei gjev tydelege signal for arbeidet vidare.

Leiar i eldrerådet Klaus Nordli ba om ordet i denne saka.  
Nordli var opptatt av likskapsprinsippet i denne saka.

**Rådmann Lovisa Midtbø oppsummerte slik:**

Det er standardkrav for kommunal veg. Det viser seg at gjennomgang av private og kommunale vegar er eit mykje større arbeid enn det som kommunestyret såg for seg då dei ba om at saka kom på dagsorden.

Det må lagast kriteria som mest mogleg ivaretek likskapsprinsippet.

**Karstein Totland, H**, ba om gruppemøte og gruppeleiar møte før avrøysting i saka.

**Møte vart heva og det vart gruppemøte og gruppeleiar møte.**

Møtet vart sett att kl. 14.50.

**Karstein Totland, H, sette fram slikt fellesframlegg frå partia:**

*Masfjorden kommunestyre har gjennomgått innstilling og innspel i saka som gjeld vurdering av kommunale vegar.*

*Masfjorden kommunestyre bed rådmannen i lag med reopptnemnt politisk arbeidsgruppe ferdigstillta saka til endeleg handsaming i kommunestyret.*

**Røysting:**

**Fellesframlegget frå partia vart samrøystes vedteke.**

**SAKSTILFANG:**

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
2	U	10.10.2008	Avisa Strilen og Nordhordland avis	Kunngjering av sak om kommunale vegar - vurdering av ny status
3	I	20.10.2008	Gjert Rune Daae	Kommentarer til Kjerdalsvegen
4	I	10.12.2008	Kjell Åge Ynnesdal	Innspel - Fossdalsvegen
6	I	03.01.2009	Arvid Langøy m/fleire	Kommunale vegar - høyringsdokument
5	I	05.01.2009	Masfjorden Arbeidarparti	Avklaringsspørsmål
7	I	07.01.2009	Johanna og Håkon Herstad	Ang. vurdering av ny status for kommunale vegar
9	I	08.01.2009	Kåre Løvik	Uttale til kommunale vegar - ny status gnr 14 Lauvik
8	I	09.01.2009	Terje Pedersen	Uttale til høyring om ny status kommunale vegar
12	I	11.01.2009	Dei som bur på Gunnarbuøyra	Uttale til høyring
10	I	15.01.2009	Kåre Rambjørg; Mary og Per Magne Hope; Aslaug Sletten; Ove og Norunn Rambjørg; Helga Kvamsdal	Innspel til høyringsdokument
13	I	16.01.2009	Bjørn Nordvang	Uttale til høyring - kommunale vegar
18	I	17.01.2009	21 fastbuande som brukar vegen til Byrkjeland	Merknader/protest - høyringsdokument kommunale vegar



17	I	18.01.2009	Bjarne Leif og Inger Rambjørg	Uttale til høyringsnotatet
20	I	18.01.2009	Ståle Daae	Uttale til høyring kommunale vegar
19	I	19.01.2009	Oppsittjarane ved gnr 34 Hope	Merknader til høyringsdokument kommunale vegar
14	I	19.01.2009	Lars Langhelle	Uttale til høyring kommunale vegar
16	I	19.01.2009	Masfjorden Venstre	Uttale til høyringsdokument
15	I	20.01.2009	Erlend Kvamsdal	Innspel til høyring kommunale vegar
23	I	31.08.2010	Steinar Rinde og Oddrun Rinde Turid Tangedal	Vegen til Tangedalen - innspel

## SAKSUTGREIING:

### BAKGRUNN

Kommunestyret har bede om at saka om vurdering av ny/framtidig status på kommunale vegar vert fullført og endeleg handsama. Etter gjennomgang av saka, finn rådmannen det tilrådeleg å gjera dette i to vender. Saka i dag oppsummerar innstilling og innspel i saka . Kommunestyret får høve til å gå gjennom og gje merknader til innstillinga frå vegnemnda og innspela frå innbyggjarane. På bakgrunn av denne handsaminga vil rådmannen førebu saka for endeleg handsaming.

### Oppsummering av saka så langt.

Kommunestyret gjorde fylgjande vedtak i 2008:

### ***KS-017/08 VEDTAK:***

*Desse vert valt til å sitja i arbeidsgruppe for å førebu sak om kommunale vegar og veglys:*

- *Karstein Totland*
- *Terje Sætre*
- *Willy Borge*

### **Mandat for arbeidsgruppa:**

#### ***VEGAR:***

***Arbeidsgruppa skal :***

- *Gå gjennom status for alle kommunale vegar*
- *Vurdera om det er kommunale vegar som skal/bør overførast til private*
- *Vurdera kva private vegar som skal får tilskot frå kommunen til vedlikehald*

#### ***VEGLYS:***

- *Utarbeida kriterier for oppsetting, overtaking, drift og vedlikehald av veglys i kommunen.*

***Frist til å vera ferdig med arbeidet vert sett til 31.05.2008.***

**Det skjedde i Kommunestyret den 28.02.2008:**

- *Karstein Totland, Terje Sætre og Willy Borge vart valde til veggruppe.*
- *Frist for gruppa til å vera ferdig med arbeidet vert sett til 31.05.2008.*

**Røysting:*****Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.***

Arbeidsgruppa kom i arbeid. Frå administrasjonen møtte Tore Svendsen som fagansvarleg og Liv Oda Dale var sekretær for gruppa. Dei hadde fleire møte og synfaringar og la fram si innstilling etter sitt siste møte 20.05.08.

**INNSTILLING FRÅ ARBEIDSGRUPPA**

*Gruppa gjekk gjennom referat frå førre møte og gjorde sine endelege innstillingar, både kva gjeld vegane og kriterier for veglys.*

***Vegar***

***Når det gjeld kva vegar som skal vere kommunale, så kom gruppa fram til at fylgjande prinsipp skal leggjast til grunn:***

- *verdien for samfunnet*
- *kost/nytte-prinsippet*
- *dersom det er fastbuande som nyttar vegen*

**Grappa enda opp med slik prioritering når det gjeld kommunale vegar og framtidig status:**

**a) Framlegg om overlevering av kommunal veg til oppsitjarane frå .... , men der kommunen har ansvar for vedlikehald og brøyting:**

<b>Strekning</b>	<b>Merknad</b>
Kjetland	Stopp etter brua
Storemyr	Stopp etter brua
Indre Haugsdal, frå bru til gnr 57/5	Frå siste huset – kommunal til dit
Skaret	Stopp ved Rimmane
Kalhovda, aust	Kommunal til Nystykkjet
Kalhovda, vest	Kommunal til Nystykkjet
Einestrاند	Heilt frå riksvegen
Kvingedal,	frå gnr 36/5
Ytre Hope kai	Privat frå siste krysset
Træet	Privat frå siste krysset
Hosteland kai	
Vikedal, til våningshus gnr 17/2	
Rambjørg, nedre	
Rambjørg, øvre	
Gunnarbuøyra, frå brua	
Lindebotn	
Byrkjeland	
Lauveide	
Kjærdal	
Nordvang	

**Vegane vert altså private frå ? med kommunalt vedlikehald og brøyting**

**b) Framlegg om overlevering av kommunal veg til oppsitjarane frå ?  
Tidsavgrensa vedlikehaldstøtte:**

<b>Strekning</b>	<b>Merknad</b>
Indre Haugsdal, frå gnr 57/3	
Vikedal, frå våningshus gnr 17/2	
Botnane	
Fossdalsvegen	
Bjørneklettvegen	
Ådnekvam – Skuggedal – frå skilje mellom innmark og utmark	

**Vegane vert altså private frå ? med tidsavgrensa kommunal økonomisk støtte.**

**c) Framlegg om å avslutte vedlikehaldansvaret på privat veg frå ?**

For følgjande private vegar vert det kommunale vedlikehaldansvaret avslutta .....:

**Grunngjeving:** Det er ikkje naturleg at kommunen held fram med å ta vedlikehaldskostnadane på desse vegane. Dette er private vegar som det ikkje er naturleg å gjera om til kommunale.

**Strekning:**

Børnesvegen

Lauvik

Avstikkar til "Olav G. Totlandsdal"

Ytre Hope kai frå siste kryssset

**Kommunal vedlikehaldsstøtte fell vekk frå .....**

**d) Framlegg om at fylgjande vegar framleis vert kommunale med kommunalt vedlikehald og brøyting:**

<b>Id nr</b>	<b><u>Strekning</u></b>	<b>Merknad</b>
Kv 1001	xE 39 – Fv 383(Indre Haugsdal "Sør")	Overførast fylket - beredskapsveg
Kv 1002	xKv 1001 - Kjetland bru	Tryggleiken bør vera off. ansvar
Kv 1004	Indre Haugsdal bru	Tryggleiken bør vera off. ansvar
Kv 1005	xE 39 – Stien	Kommunalt byggjefelt
Kv 1006	xFv 382 – Matre skule/basseng	Offentleg område
Kv 1007	Matre kai – Stordalsvegen	Ikkje naturleg for andre å ta over
Kv 1008	xFv 381 – Stordalen Fjellstove	Ikkje naturleg for andre å ta over
Kv 1009	Matreberget	Ikkje naturleg for andre å ta over
Kv 1010	xKv 1007 - Eineleitet	Bustadfelt
Kv 1011	xE39 – Trodal	Ikkje naturleg for andre å ta over
Kv 1013	xE 39 – Haugsvær byggjefelt	Bustadfelt
Kv 1014	xE 39 – Haugsvær kai	Bør vera open for off. bruk
Kv 1015	xE 39 - Fv379(Solheimsvegen)	Ikkje naturleg for andre å ta over
Kv 1016	xKv 1015 – Indre Hope	Ikkje naturleg for andre å ta over
Kv 1017	xKv 1015 – Solheim "ferjekai"	Ikkje naturleg for andre å ta over
Kv 1018	Solheim "ferjekai" – kyrkje/Knappen	Ikkje naturleg for andre å ta over
Kv 1019	Solheim "ferjekai" – bustadfelt	Ikkje naturleg for andre å ta over
Kv 1020	xFv 379 – Kalhovda, til Nystykkjet	Ikkje naturleg for andre å ta over
Kv 2002	xRv 570 – kai Kvingo Sør	Ikkje naturleg for andre å ta over
Kv 2003	xRv 570 – Skolten bustadfelt	Bustadfelt
Kv 2004	xRv 570 – Kvingebakken	Ikkje naturleg at andre tek over
Kv 2005	xRv 570 – Kvingedal	Ikkje naturleg at andre tek over
Kv 2006	xRv 570 – Skjerjebakken	Gravplass
Kv 2008	xRv 570 – Kvamme ind. felt	Off. industriområde
Kv 2009	xRv 570 – Botnevika	Bustadfelt
Kv 2010	xRv 570 – gml sjukeheim/bustadfelt	Bustadfelt
Kv 2011	xRv 570 – Stykket bustadfelt	Bustadfelt

Kv 2012	xRv 570 – Sandnes Bustadfelt	Bustadfelt
Kv 2013	xRv 570 – tannlegekontor	Offentleg bygg
Kv 2014	xRv 570 – kyrkje	Offentleg bygg
Kv 2016	Fv 374 – Ådnekvam	Ikkje naturleg for andre å ta over
Kv 3002	xRv 570 – Duesund tømmerkai	Bør vera open for off. bruk
Kv 3003	xRv 570 – Molland	Ikkje naturleg for andre å ta over
Kv 3004	xRv 570 – Nordbygda skule/Helsetun	Offentleg bygg
Kv 3005	xRv 570 – Hosteland bustadfelt	Bustadfelt
Kv 3008	Areklettvegen	Ikkje naturleg for andre å ta over
Kv 3010	xRv 570 – Rambjørg	Ikkje naturleg for andre å ta over
Kv 3012	xRv 570 – Stokkevikfeltet	Bustadfelt
Kv 3013	xFv 376 – Gunnarbuøyra bru	Tryggleiken bør vera off.
ansvar		
Kv 3015	xFv 376 – Kvamsdal	Ikkje naturleg for andre å ta over
Kv 3020	xFv 377 – Frøyset kyrkje	Offentleg bygg
Kv 3021	Tangedalsvegen	Ikkje naturleg for andre å ta over
Kv 3022	Nordvang bru	Tryggleiken bør vera off. ansvar
Kv 3023	xFv 377 – Risnes kai	Ikkje naturleg for andre å ta over
Kv 3024	xFv 379 – Selvåg	Ikkje naturleg for andre å ta over
Kv 2015	Nørlandsvegen til Totland	
Kv 3001	Nesjane	
Kv 3011	Ytre Haugsdal	Reservevasskjelde

*I tillegg kjem vegen til Marine Harvest, som no er privat.*

## **Veglys**

*Gruppa held fram med diskusjonen om kriterier som bør leggjast til grunn for oppsetjing, og/eller drift og vedlikehald av veglys.*

### **Kriterier for veglys der kommunen tek både oppsetjing, drift og vedlikehald:**

- **Gangvegar og område i tilknytning til skule/barnehage/omsorgsbustader**
- **Kommunale byggjefelt**
- **Kommunale kaiar**
- **Buss-stopp på kommunale vegar**
- **Offentlege parkeringsplassar – etter nærare vurdering**

### **Kriterier der kommunen tek over drift og vedlikehald:**

- **Private byggjefelt - der vegen går ut frå offentleg veg**
- **Veg til einskildbustader - der vegen går ut frå offentleg veg**

*Her må det leggjast fram dokumentasjon frå Statens vegvesen og godkjenning frå grunneigar/heimelshavar.*

## HØYRING/UTTALE

Etter at gruppa hadde levert si innstilling, vart innstillinga offentleggjort og lagt ut på høyring. Det har kome mange innspel til framlegget. Desse er oppsummert og ligg ved saka.

## FAKTA

Det er i nokon grad uklårt kva som er kommunale vegar, og kvar dei kommunale vegane sluttar og dei private vegane startar. Det ser ut som grunneigarar i nokre høve sit med munnlege avtalar om kommunal veg som kompensasjon for veggrunn til riksvegframføring. Det er også gjort fleire vedtak i Masfjorden kommunestyre opp gjennom åra om at kommunen tar ansvar for vedlikehald/brøyting på kommunale vegar.

Veggruppa har lagt fram konkrete framlegg for alle aktuelle vegar.

Det ligg ikkje føre konkret vurdering som gjeld veglys.

## VURDERING

Likebehandling er eit sentralt begrep i denne saka. Den vidare sakshandsaminga må ta for seg og vurderer alle innspela som har kome og ta stilling til om ein tilrår å imøtekoma desse. Rådmannen har særleg merka seg behov for vurdering av følgjande spørsmål:

- Vegar som vert nytta av renovasjonsbil og postbil - skal dette vera eit av kriteria for privat eller kommunal veg?
- Veg til kommunale og private kaiar er nemnde i innspela som viktige for allmenn tilgjenge til sjøen. Rådmannen finn ikkje dokumentasjon for at kommunen eig ein einaste kai, men er samd med innspela at det er viktig å sikra innbyggjarane god tilgang til sjø. Dette må avklarast i saka og følgjast opp i planverket til kommunen.
- Skal kommunen ha vintervedlikehald/brøyting til stader der det ikkje bur fastbuande?
- Endestasjon med snuplass for den kommunale vegen må kartfestast på alle kommunale vegar, dette er uavklart og delte meininger om fleire stader i kommunen.
- Rådmannen aksepterer at det er gjort munnlege avtalar med grunneigarar om kommunal veg til garden i byte for veggrunn. Det må avklarast kor bindande dette er no.
- Dersom det ligg føre gamle skriftlege avtalar og tidlegare vedtak som kommunen har gjort om vegen, bør kommunen dokumentera dette før endeleg vedtak vert gjort for dei vegane der innbyggjarane har eit anna syn enn kommunen.
- Det må definerast kva det inneber når vegen er privat, men kommunen tar brøyting og vedlikehald.

## KONKLUSJON

Rådmannen legg saka fram til kommunestyret til orientering og drøfting. Etter at kommunestyret har gitt sine merknader til innstilling og innspel, vil saka bli ferdighandsama og lagt fram for kommunestyret til endeleg godkjenning.

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

**Masfjorden kommunestyre har gjennomgått innstilling og innspel i saka som gjeld vurdering av kommunale vegar.**

### **Masfjorden kommunestyre har følgjande merknader:**

**Masfjorden kommunestyre bed rådmannen ferdigstilla saka til endeleg handsaming i kommunestyre innan utgangen av året.**

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	23.09.2010	075/10	Gerd Allis Håheim

Arkiv: N-	Arkivsaknr.: 10/721
-----------	---------------------

### SAK 075/10 - SKRIV OG MELDINGAR

Nr	Dok.ID	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	10/2816	I	19.05.2010	Likestillings- og inkludeeringsdepartementet	Barne- og ungdomskonferansen 2010 – førehandsvarsel
2	10/3390	I	06.07.2010	Klima- og forurensningsinsdir.	Utslippstillatelse vert gitt til Alexela Sløvåg AS
3	10/3752	I	23.08.2010	Statens vegvesen	Vedtaksbrev særskilt fartsgrense
4	10/4255	I	07.09.2010	Hordaland fylkeskommune	Klimaplan for Hordaland - 2010 – 2010
5	10/3970	I	25.08.2010	Radøy kommune	Mogleg modell for interkommunalt samarbeid: Samkommunemodellen - høyring

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

#### KS-075/10 VEDTAK :

Meldingane vert tekne til orientering slik dei ligg føre.



**Det skjedde i Kommunestyret den 23.09.2010:****Tilleggsskriv utdelt i møtet:**

- 6) Kommunal Rapport med kommunebarometeret + analyse for Masfjorden
- 7) Skriv om temadag i kommunestyret 5. oktober

Bjørn Egil Nordland etterspurde statusrapport på kommuneplanen.

Rådmann Lovisa Midtbø syntet til temadagen 5. oktober i kommunestyret, der blant anna kommuneplanen vil vera eit tema som vil bli drøfta.

Liv Oda Dale sa at det er kjempeflott at det blir arrangert temadag for kommunestyret. I følgje rådmannen vil både samfunnsdelen og arealdelen bli tatt opp på temadagen. Det er svært viktig at arealdelen kjem på plass i høve næringsutvikling i kommunen, og at ein og ser på kva innspel som er komne.

Ordførar orienterte og gjekk gjennom skriv og meldingar.

**Skriv 5) Mogleg modell for interkommunalt samarbeid – samkommunemodellen – høyring:**

**Siri Kratzmeier** sa at KrF støttar Radøy sitt forslag til samkommunemodell.

**Willy Borge**, sa at FrP støttar Radøy sitt forslag.

**Orienteringar:**

Håkon Matre orienterte om prosjektet ferjefri kryssing av Masfjorden.

15. oktober vert det synfaring med fylkeskommunen og vegvesenet.

Ordførar har hatt møte med Vegvesenet og Helge Hope som vert engasjert til å utarbeida eit forprosjekt/rapport i løpet av vinteren. Vil og prøva å få prosjektet inn i fylkeskommunen sine planar.

Me har mista eit år i høve dei seismiske undersøkingane.

Ass. Rådmann Svein Helge Hofslundsen orienterte om 2. tertialrapport. (sjå orientering i vedtaksprotokoll frå formannskapsmøte den 23.09.10)

**Skriv og meldingar vart samrøystes teke til orientering.**

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	23.09.2010	076/10	Gerd Allis Håheim

Arkiv: N-	Arkivsaknr.: 10/720
-----------	---------------------

### 076/10 DELEGERTE VEDTAK

**DRÅD. 018/10:** Melding om vedtak - søknad om skadefelling av grågås/kanadagås, gnr 5 bnr 5

Erik Riisnes får løyve til felling av inntil 10 grågås/kanadagås i perioden 20.04.10 – 15.05.10, innanfor fylgjande avgrensingar:

- Jakta må på førehand vera avklara med grunneigaren og lensmann varslast
- Felling av skadegjørande viltartar skal generelt følgje dei krav til ordinær jaktutøving som kjem fram av viltlova med tilhøyrande forskrifter. Det er ikkje nødvendig å løyse jegeravgift for å delta i ein skadefelling.
- Jakta bør samordnast med postering samtidig på dei områda gåsa flyttar mellom
- Mordyr bør ikkje avlivast, men dersom det skulle skje, må avkommet av omsyn til dyrevernet om mogleg avlivast
- Kommunen skal ha attendemelding om felt fugl innan 25.05.2010

**Heimel:** Viltlova, Forskrift om skadefelling av viltartar som gjør skade eller som vesentlig reduserer andre viltartars reproduksjon, Kommunal forvaltningsplan for gås.

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Delegerte saker vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

### KS-076/10 VEDTAK:

Delegerte saker vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

### Det skjedde i Kommunestyret den 23.09.2010:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	23.09.2010	076/10	Svein Helge Hofslundsengen
Kommunestyret	23.09.2010	077/10	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-561.4	Arkivsaknr.: 06/539
----------------	---------------------

### SAK 077/10 - BRU INDRE HAUGSDALEN, ANBOD - IVERKSETJING OG FINANSIERING

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Masfjorden kommune aksepterer tilbud på indre Haugsdalen bru, og tiltaket vert iverksett så raskt som praktisk muleg

#### **Finansiering**

Lånefinansiert (2010), og dersom prosjektet vert gjennomført i 2011 kan evt. anna finansiering verte vurdert i samband med 2011 budsjettet.

#### **Heimel**

Kommunestyresak 56/10

### FS-076/10 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Masfjorden kommune aksepterer tilbud på indre Haugsdalen bru, og tiltaket vert iverksett så raskt som praktisk mogeleg.

#### **Finansiering**

Lånefinansiert (2010), og dersom prosjektet vert gjennomført i 2011 kan evt. anna finansiering verte vurdert i samband med 2011 budsjettet.

#### **Heimel**

Kommunestyresak 56/10

**Det skjedde i Formannskapet den 23.09.2010:**

Ordfører Håkon Matre orienterte om saka.

Formannskapet drøfta saka. Det vart drøfta i høve kva type finansiering som skulle nyttast.

Formannskapet vedtak samrøystes framlegg til vedtak.

**KS-077/10 VEDTAK:**

**Masfjorden kommune aksepterer anbod på indre Haugsdalen bru, og tiltaket vert iverksett så raskt som praktisk mogeleg.**

**Finansiering**

Lånefinansiert (2010), og dersom prosjektet vert gjennomført i 2011 kan evt. anna finansiering verte vurdert i samband med 2011 budsjettet.

**Heimel**

Kommunestyresak 56/10

**Det skjedde i Kommunestyret den 23.09.2010:**

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

**SAKSTILFANG:**

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
10	I	23.12.2005	Safe Control AS	Spesialinspeksjon - Haugsdal bru - frå 23.12.2005
7	I	03.05.2006	Safe Control AS	Utlysing anbuds konkurranse bru Haugsdalen
1	I	07.06.2006	Safe Control AS	Anbudskonkurranse- konkurransegrunnlag bru Haugsdalen
4	I	19.06.2006	Overflate Teknikk AS	Tilbod på rehabilitering av bru nr 010 Haugsdalen
3	I	20.06.2006	Mesta as	Tilbod på rehabilitering av bru nr 010 Haugsdalen bru
2	I	23.06.2006	Anne Kristin Rafoss og Svein Helge Hofslundsengen	Anbudsopning 23.06.06 av tilbod på byggeprosjekt
5	U	03.07.2006	BM Overflateteknikk AS	Anbod Indre Haugsdalen Bru

6	U	04.07.2006	Mesta as	Tilbod Indre Haugsdal bru
12	I	26.08.2010	Safe Control AS v/Odd Harald Kile	Konkurransgrunnlag Haugsdalen bru
11	I	01.09.2010	Safe Control AS	Haugsdalen bru - Etterberegning BK
16	I	07.09.2010	BM Overflateteknikk AS	Anbud rehabilitering Haugsdalen bru 2010

## SAKSUTGREIING:

### BAKGRUNN

Kommunestyresak 56/10 – saldering av investeringsbudsjettet.

1. utbetring av Haugsdal bru vert lagt ut på anbod, og teke opp som eiga løyvingssak.

Estimerte kostnader for oppgradering av bru, 1.7 mill.kr. jf. sak juni 2010.

### FAKTA

Utbetring av Indre Haugsdal bru har vore på investeringsbudsjettet over fleire år, m.a. 2006 kor 400.000 var innarbeidd i vegbudsjettet. Anbodsprosessen i 2006 gav eit resultat over tre gonger så høgt som budsjettet, og anbod kansellert med utgangspunkt i pris.

Brev til tilbydarane etter anbodsopning juli 2006;

#### «Sdo\_Tittel»

Syner til Dykkar tilbod vedk. rehabilitering av Indre Haugsdal bru. Det kom inn to tilbod innan utløp av fristen den 23.06.06 kl 1200:

**BM Overflateteknikk AS**, org. nr 976098412                      kr 1 233 800 eks. mva

**Mesta as**, org. nr 984693273                                      kr 1 302 460 eks. mva

Tilboda som kom inn er monaleg høgare enn det som er løyvd til prosjektet. Dette må opp til ny politisk handsaming. Masfjorden kommune må difor ta i bruk atterhaldet som er nemnt i anbodsinnbydinga, om at hele eller deler av kontraktsarbeida kan kansellerast dersom dei kommunale løyvinga ikkje strekk til.

Arbeidet med rehabilitering av Indre Haugsdal bru vert kansellert inntil vidare.

For 2010 vart det gjennomført ny anbodsprosess, med bakgrunn i Kommunestyresak 56/10 og denne er no slutført – med følgjande resultat;

# ÅPNINGSPROTOKOLL

<b>Oppdragsgiver:</b> Masfjorden Kommune	
<b>Saksbehandler:</b> Gunnar Molland	<b>Tlf.</b> 56166281
<b>Innkjøp nr. :</b>	<b>Journal nr:</b> 06/539

Kontraktens gjenstand, varighet og verdi		
<b>Produkt/tjeneste (-område):</b> Rehabilitering Haugsdalen bru.		
<b>Kontraktens varighet</b>	<input checked="" type="checkbox"/> <b>Engangskjøp</b>	<b>Varighet:</b>
<b>Evt. anslått verdi</b>		

Valg av anskaffelsesmetode	
<u>&gt; kr. 500.000 - EØS-terskel</u>	<u>Over EØS-terskelverdier</u>
<input type="checkbox"/> Kjøp etter forhandling <input type="checkbox"/> Begrenset anbudskonkurranse <input checked="" type="checkbox"/> Åpen anbudskonkurranse	<input type="checkbox"/> (Kjøp etter forhandling) <input type="checkbox"/> Begrenset anbudskonkurranse <input type="checkbox"/> Åpen anbudskonkurranse

**Evt. begrunnelse for valg av anskaffelsesmetode:**

**Kunngjøringsdato:** 21.07.2010

**Kunngjøringssted(er):** Doffin

**Innleveringsfrist:** 10.sept kl.1200

**Datoer for tilbudsåpning**

**Befaring(er):** 24. august-09 kl. 1200 v/Haugsdalen bru

**Konferanser:**

**Annet:**

Leverandører som ble forespurt/har bedt om konkurransegrunnlaget*	Løpe - nr.	Leverandører som har levert tilbud
NST Gruppen , Åråsbrovegen 21 E, 5515 Haugesund	1	BM Overflateteknikk AS, Industriveien 1, 3610 Kongsberg.
AS Betongindustri, 5729 Modalen	2	
Brumaling A/S, Pb 72, 7871 Grong	3	
BM Overflateteknikk AS, Industriveien 1, 3610 Kongsberg.	4	

\*Konkurransegrunnlag sendt eller melding om at leverandør har lastet ned konkurransegrunnlaget fra [www.bfk.no/innkjop](http://www.bfk.no/innkjop).

**Tilbudsåpning**

**Sted:** Masfjorden kommune

**Dato/kl:** 10.sept kl.13.00

**Tilstede:** Gunnar Molland, Solfrid V. Kvamme

<b>Evt. merknader:</b>

Anbud er kvalitetssikra, og teknisk ok. Samla investeringskostnad er kr. 1.473.700,- ekskl.mva. og det er førebels ikkje løyvd midlar i 2010 budsjettet til tiltaket. Godkjenning av anbod og finansiering krev difor vedtak i Kommunestyret.

## VURDERING

Det er nettosummen på 1.473.700 som må finansierast. Tiltaket har tidlegare vore vurdert og utsett på grunn av høge kostnader. Ein hadde håp om at prisen skulle gå ned ved nytt anbod, noko den ikkje gjorde og det har vore liten interesse for prosjektet. Anbodsprisen er litt over justert estimert kostnad inkl. mva. (140.- 150.000).

Det er behov for opprusting av Haugsdal bru. No er det gitt byggeløyve til eit nytt hus i området som er avhengig av denne brua. Vidare ligg det føre innspel i kommuneplanarbeidet om bustadfelt på Kjølneset, noko som eventuelt er avhengig av opprusting av brua. Samla sett er det lite å spara på å utsetja dette tiltaket ytterlegare, og ein vil tilrå gjennomføring i tråd med plan og innkome anbod.

## KONKLUSJON

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

**Masfjorden kommune aksepterer anbod på indre Haugsdalen bru, og tiltaket vert iverksett så raskt som praktisk muleg**

**Rett utskrift av møteprotokoll frå kommunestyret den 23.09.2010 vert vitna:**

---

Håkon Matre  
ordførar

---

Liv Oda Dale  
kommunestyremedlem

---

Marit Steinestø  
kommunestyremedlem